



Stølsheimen  
verneområdestyre

Rapport nr. 1 - 2017

# Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde



## Stølsheimen verneområdestyre

Stølsheimen verneområdestyre  
Rapport nr. 1-2017

<b>Forfattar</b>  Anbjørg Nornes, verneområdeforvaltar	<b>Dato</b>  16.02.2017
<b>Prosjektansvarleg</b>  Stølsheimen verneområdestyre	<b>Sidetal</b>  52
<b>Tittel</b>  Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernombord.  Revidert forvaltningsplan	<i>ISBN: 978-92-303-3241-2 (Trykt)</i> <i>ISBN: 978-92-303-3242-9 (PDF)</i>  <a href="#">Rapporten ligg på heimesida til Stølsheimen verneområdestyre</a>
<b>Geografisk område</b>  Stølsheimen landskapsvernombord	<b>Fagområde</b>  Forvaltning av verneområde

### Samandrag

Forvaltningsplanen omhandlar Stølsheimen landskapsvernombord. Forvaltningsplanen byggjer på verneforskrifta for verneområdet. Det overordna målet for forvaltning av verneområde er å ta vare på det som kjenneteiknar området; eit landskap som er vakkert og dramatisk frå naturen si side og lite påverka av moderne tekniske inngrep, og med kulturlandskap og kulturminne frå det utmarksbaserte vestlandslandbruket.

Forvaltningsplanen gjev oversikt over viktige problemstillingar som vedkjem tilhøvet mellom vern og bruk. I planen er det retningslinjer og konkrete forvaltingsmål for forvaltning og bruk av område. Tiltaksplanen inneheld tiltak som skal fremje føremålet med vernet. Alle tiltak skal vera innanfor dei rammene som verneføremålet set.

<b>Godkjent av:</b>  Stølsheimen verneområdestyre Miljødirektoratet	<b>Godkjenningsdato:</b>  30.11.2016 16.02.2017
--	--

## 1. Forord

Fyrste forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernombord vart godkjend i mars 1998. Stølsheimen verneområdestyre vedtok 11. juni 2012 å starta opp arbeidet med revidering av forvaltningsplanen. Det vart godkjent ein framdriftsplan for gjennomføring av planprosessen. Planen skal vera ferdig til å leggjast ut på høyring innan 15.juli 2016.

Forvaltningsplanen skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å oppretthalde og fremje verneformålet. Forvaltningsplanen skal i hovudsak gje utfyllande retningsliner for forvaltning av verneforskriftene i samsvar med verneformålet. Planen skal gje eit felles grunnlag for utøving av skjønn i sakshandsaminga, og medverke til samordna praksis for verneområdet. Forvaltningsplanen skal også ha fokus på konkrete mål, retningslinjer og tiltak som bidreg til å sikre verneverdiane. Samstundes skal det takast omsyn til brukarinteressene.

Forvaltningsplanen har vorte til gjennom ein prosess der lokale partar har medverka med innspel og synspunkt. Referansegruppa for planen har vore fagleg rådgjevande utval og administrativt kontaktutval. Forvaltar har skrive planen og lagt den fram for verneområdestyret til vurdering og godkjenning. Miljødirektoratet har fagleg godkjend framlegg til forvaltningsplan for Stølsheimen i brev 15.12.2015 med nokre merknader. Planutkastet er endre i tråd med merknadane.

Planen har vore på offentleg høyring. Stølsheimen verneområdestyre godkjente planen i styremøte 30.11.2016, sak 16/16. Miljødirektoratet gav endelige godkjenninga av planen 16.02.2017. Godkjent plan vert lagt ut på heimesida til Stølsheimen verneområdestyre [www.nasjonalparkstyre.no/stolsheimen](http://www.nasjonalparkstyre.no/stolsheimen). Planen vert sendt ut til alle grunneigarar innanfor Stølsheimen landskapsvernombord.

Stølsheimen verneområdestyre




Stølen Rosete. Foto: Nils Kvamme

# Innhold

1. Forord.....	3
2. Innleiing .....	7
3. Naturmangfaldlova og verneforskrifta.....	8
4. Historikk.....	10
4.1. Verneprosessen .....	10
4.3. Dagens bruk av verneområdet.....	12
5. Kunnskapsstatus.....	15
5.1. Verneverdiar.....	16
5.1.1. Landskap og geologi .....	16
5.1.2. Kulturminne .....	17
5.1.3. Planteliv .....	17
5.1.4. Dyreliv .....	18
5.2. Truslar mot verneverdiane .....	19
5.2.1. Innanfor vernegrensa.....	19
5.2.2. Utanfor vernegrensa.....	20
5.3. Overvaking og kartleggingsbehov .....	20
6. Forvaltning av Stølsheimen landskapsvernområde.....	20
6.1. Forvaltningsmål .....	20
6.2. Bevaringsmål .....	21
6.3. Besøksstrategi .....	21
6.3.1. Informasjon .....	22
6.4. Planlagde skjøtselstiltak .....	23
6.4.1. Reglar .....	24
6.4.2. Retningslinjer .....	24
6.5. Kulturlandskap og kulturminne .....	24
6.5.1. Reglar .....	25
6.5.2. Retningslinjer .....	26
6.6. Landbruk og skogbruk .....	27
6.6.1. Reglar .....	28
6.6.2. Retningslinjer .....	29
6.7. Fritidsbygg og bygningar knytt til landbruksdrift og stølar .....	30
6.7.1. Reglar .....	31
6.7.2. Retningslinjer .....	32
6.8. Jakt og fiske .....	33
6.8.1. Reglar .....	33

6.8.2. Retningslinjer .....	34
6.9. Friluftsliv.....	34
6.9.1. Reglar .....	35
6.9.2. Retningslinjer .....	37
6.10. Reiseliv.....	38
6.10.1. Reglar .....	38
6.10.2. Retningslinjer .....	38
6.11. Forsking .....	38
6.11.1. Retningslinjer .....	39
6.12. Yrkesfiske og havbeiteverksemد .....	39
6.12.1. Reglar .....	39
6.12.2. Retningslinjer .....	40
6.13. Bygningar og inngrep knytt til vasskraft, bergverk, el.-forsyning og vegar.....	40
6.13.1. Reglar .....	40
6.13.2. Retningslinjer .....	41
6.14. Motorisert ferdsel.....	42
6.14.1. Reglar .....	42
6.14.2. Retningslinjer .....	42
6.15. Ureining, avfall og støy.....	46
6.15.1. Reglar .....	46
6.15.2. Retningslinjer .....	47
6.16. Sakshandsaming.....	47
6.16.1. Forvaltningsstyresmakt — lokal forvaltning .....	47
6.16.2. Generelle retningslinjer for sakshandsaming .....	48
6.16.3. Anna lovverk som gjeld innanfor verneområdet.....	49
6.16.4. Relevante arealplanar .....	49
6.16.5. Kommunale planar .....	49
6.17. Oppsyn .....	50
7. Referansar .....	51
8. Vedlegg: .....	52

## Kart over Stølsheimen landskapsvernområde



## 2. Innleiing

Stølsheimen landskapsvernombordet vart vedtatt verna ved Kronprinsregentens resolusjon 21.12.90. Landskapsvernombordet vart utvida med heile Finnafjorden 16.12.2005. Det vart gjort nokre mindre forskriftsendringar som fylgje av utvidinga.

Området som vert kalla Stølsheimen, strekkjer seg i vid tyding frå Eksingedalen og Myrkdalen i sør til Sognefjorden i nord, frå Risnesfjorden i vest til Vikafjellsvegen i aust. Verneområdet utgjer den sentrale delen av dette fjellområdet, som er mest nytta i friluftssamanheng og minst påverka av kraftutbygging. Stølsheimen landskapsvernombordet ligg i kommunane Vik og Høyanger i Sogn og Fjordane, Voss, Vaksdal og Modalen i Hordaland. Det har eit areal på 377 km<sup>2</sup> der om lag 4 km<sup>2</sup> er sjøareal. Heile landskapsvernombordet er på privat grunn.

Forvaltninga av verneområda skal skje ut i frå ein langsiktig tidshorisont. Revisjon skal skje med jamne mellomrom, og planen skal oppdaterast i høve til nye utfordringar og røynsler frå det tidspunkt forvaltningsplanen vart sett i verk. Stølsheimen verneområdestyre tilrår revisjon av forvaltningsplanen etter 8 år.

**Stølsheimen verneområdestyre** er forvaltningsstyresmakt for Stølsheimen landskapsvernombordet. Forvaltningsmodellen for Stølsheimen verneområdestyre vart avgjort i samband med vernevedtaket, jf. Kgl. res. Dette er følgd opp i brev av 04.11.2010 frå statsråden i dåverande Miljøverndepartementet (Klima- og Miljødepartementet) med oppnemning av representantar og vedtekter for verneområdestyret. Styret var konstituert fyrste gong 30.08.2011. Verneområdestyre har representantar frå:

Vik kommune (primært ordførar)

Høyanger kommune (primært ordførar)

Modalen kommune (primært ordførar)

Voss kommune (primært ordførar)

Hordaland fylkeskommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Vaksdal kommune har valt å ikkje vera med i verneområdestyret.

### Fagleg rådgjevande utval for Stølsheimen er representert med

1 grunneigarrepresentant frå kvar av kommunane Vik, Voss, Modalen, Vaksdal og Høyanger, 1 frå Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd, 1 frå Fjellheimen villreinutval, 1 frå Naturvernforbundet for Hordaland og Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, 1 frå Bergen og Hordaland Turlag og Voss Utferdsdag, 1 frå høgskulen i Sogn og Fjordane, 1 frå BKK, 1 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 1 frå Fylkesmannen i Hordland.

Utvalet er rådgjevande ovanfor verneområdestyret, og skal arbeide for ei heilsakleg og samordna forvaltning av verneområdet innanfor rammene avvernforskrifta.

**Administrativt kontaktutval for Stølsheimen** er samansett av representantar frå administrasjonen i alle kommunane og fylkeskommunane som har medlemer i verneområdestyret.

Verneområdeforvaltar vart tilsett 1.mars 2012, med kontorplass på Fjordsenteret i Aurland.

### 3. Naturmangfaldlova og verneforskrifta

Forvaltningsplan skal gje ei utdjuping av verneforskrifta, og er eit praktisk planverktøy i den daglege forvaltninga av verneområdet. Planen skal godkjennast av Miljødirektoratet som ansvarleg fagstyresmakt for forvaltning av nasjonalparkar og andre større verneområde. Ein forvaltningsplan skal bygge på verneforskriftene, og kan ikkje gå ut over desse. Verneforskrifta for Stølsheimen har ikkje reglar som viser til forvaltningsplanen, og planen er difor rettleiande og ikkje juridisk bindande.

#### Pkt. III

*Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, jf. verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde pkt. III.*

Verneforskrifta pkt. IV omhandlar kva for reglar som gjeld i landskapsvernområdet. Dette er ei opplisting av kva for tiltak som er forbode å gjennomføre i landskapsvernområdet. Generelt er alle inngrep som kan endre landskapets art eller karakter vesentleg, forbode. Dei tiltaka det ikkje må søkjast om dispensasjon for, er lista opp i pkt. V.

#### Pkt. IV, nr. 1

*Alle inngrep eller verksemder som vesentleg kan endre landskapets art eller karakter er forbode; så som oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, fjerning eller inngrep i faste kulturminner frå nyare tid, så som bygningar, vegar, gamle kve m.m., framføring av luftleidningar, bygging av vegar, drenering, og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, bergverksdrift, vassdragsregulering, attlegging av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske middel, utslepp av konsentrerte forureiningstilførslar mv. Opplistingen er ikkje uttømmande.*

Ut frå verneforma, som er landskapsvernområde, må forvaltninga leggja vekt på om nye tiltak kan endre det verna landskapet sitt sær preg eller karakter vesentleg jf. naturmangfaldlova § 36. Det er ynskjeleg at området vert brukt. I verneforskrifta pkt. VI nr. 1-10 står dei spesifiserte dispensasjonsreglane for tiltak det må søkjast om løyve/dispensasjon for å gjennomføra, og som verneområdestyret kan gje løyve til.

Ved utøving av all offentleg mynde skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova leggjast til grunn som retningslinjer ved forvaltninga av verneområda, jf. § 7 i naturmangfaldlova. Det skal gå fram av vedtaket korleis prinsippa er brukte og kva vekt det er lagt på kvart av dei i den konkrete saka.

#### Kunnskapsgrunnlaget - naturmangfaldlova § 8

Kunnskapskravet inneber at utøving av all offentleg mynde som omfattar natur skal vere kunnskapsbasert. Kunnskapen skal ikkje berre baserast på vitskapleg kunnskap, men også på den erfaringsbaserte, [jf. Ot. prp. nr.](#) 52 s 379-380. Kunnskapen kan t.d. stamme frå kartleggingar, konkrete

faglege utgreiingar osv.

### **Føre-var-prinsippet - naturmangfaldlova § 9**

Dersom forvaltningsstyresmakta ikkje har kunnskap eller tilstrekkeleg kunnskap om konsekvensane for naturmangfaldet som følgje av eit tiltak, vil føre-var-prinsippet vektleggjast. Føre-var-prinsippet er ei retningsline for korleis styresmaktene handterer usikkerheit om kunnskapsgrunnlaget. Det er difor ein nær samanheng mellom kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldlova § 8 og føre-var-prinsippet i § 9. I dei tilfella ein har lite kunnskap vil føre-var-prinsippet få størst tyding. Dersom ein må ta avgjerder utan at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for å kunne fastslå verknadene på naturmangfaldet seier § 9 at det skal "tas sikte på å unngå mogleg vesentleg skade på naturmangfaldet". Det kan bety at det i slike tilfelle vert gitt avslag på søknad om løyve, eventuelt at løyve vert gitt på strenge vilkår.

### **Økosystemtilnærming og samla belastning - naturmangfaldlova § 10**

Prinsippet i naturmangfaldlova § 10 skal sikre at nye påverknader vert underlagt ei heilskapsvurdering av kva belastning økosystemet vert utsett for. Det inneber for det første at prinsippet ikkje skal sjåast isolert, men vurderast i samanheng med den miljøbelastning som allereie er skjedd gjennom ulike påverknader frå tidlegare løyve. Dette gjeld særleg dersom miljøbelastninga er ved ei kritisk grense der sjølv ein liten auke, t.d. i motorferdsle, vil ha mykje å sei for økosystemet. For det andre vil prinsippet gjelde også på eit første tiltak i eit område dersom det kan ventast mange framtidige søknader om dispensasjon frå regelverket i eit område og antatt samla påverknad vil kunne gi vesentlege eller alvorlege eller uopprettelege skader på naturmangfaldet. I slike tilfelle bør det gjevast avslag på søknader om tiltak.

### **Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar - naturmangfaldlova § 11**

Regelen er ei retningsline for forvaltningsstyresmakta, og inneber at den som valdar skade på naturmangfaldet skal bere kostnadene ved skade, samt bere kostnadene ved å hindre eller avgrense skaden. Dette kan vere førebyggande, for eksempel utgifter for å hindre eller avgrense støy eller terrengslitasje. Det kan også vere avbøtande tiltak for oppretting av naturtilstanden ol., eller det kan vere kostnadene for å få utgreidd eventuelle konsekvensar av tiltaket.

### **Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode - naturmangfaldlova § 12**

Regelen gjeld val av driftsmetode, teknikk eller lokalisering "for å unngå eller begrense skader" på naturmangfaldet, jf. § 12. Det skal takast utgangspunkt i slike driftsmetodar og slik teknikk og lokalisering som, ut frå ei samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske forhold, gjev dei beste samfunnsmessige resultata. Dette inneber at det må vurderast kva løysing med tanke på til dømes kva bruk av motorkøyretøy, tidspunkt for hausting, kva lokalisering som gir minst skade osv. som etter ei samla vurdering gir dei beste samfunnsmessige resultata.

### **Generell dispensasjonsregel § 48 naturmangfaldlova**

Den generelle dispensasjonsregelen skal vere ein sikkerheitsventil for tilfelle eller spesielle / særlege tilfelle som ein ikkje kunne føresjå på vernetidspunktet. Det er vesentleg at ein dispensasjon ikkje vert brukt til å uthole vernet. Han skal i første rekke kunne nyttast på søknader som gjeld bagatellmessige inngrep eller forbigåande forstyrningar.

Den generelle dispensasjonsregelen går fram av verneforskrifta pkt. VII. Etter naturmangfaldlova trådde i kraft 19.06.2009, er denne regelen erstatta av § 48 inaturmangfaldlova:

Forvalningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifa dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt.

## 4. Historikk

### 4.1. Verneprosessen

Den gradvise reduksjonen av urørt natur i Noreg var bakgrunnen for utarbeidingsa av «Ny landsplan for nasjonalparkar» (NOU 1986:13) der Stølsheimen var eit av områda som var tilrådd å sikra for ettertida. Det hadde då heilt sidan 1960 vore arbeidd med ulike planar for vern av ein større eller mindre del av dette området. I 1984 vart eit førebels framlegg om skiping av Stølsheimen landskapsvernombordet sendt på høyring, men først i 1988 vart det endelige verneframlegget sendt på lokal høyring.

Høyringsdokumentet (Rapport nr. 4 .1987 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, miljøvernavdelinga) gjev ein god omtale av verneområdet, bakgrunnen for opprettinga og omtale av naturkvalitetane.

### 4.2. Historisk bruk av verneområdet

Landskapsvernombordet strekkjer seg frå fjord til fjell og omfattar i tillegg til tilnærma urørt natur, både innmark og utmark, noko som gjev eit svært rikt utval av kulturlandskapstypar. Kulturlandskapet består av vegetasjon påverka av generasjonars bruk gjennom beiting, hogst og hausting, og bygningar og anlegg knytt til desse bruksmåtane.

**Stølsdrift** var ein viktig del av det tradisjonelle, før-industrielle landbruket i Noreg, og var vidt utbreidd. På grunn av sterk satsing på husdyrhald, kombinert med jamt over små brattlende gardar, er fjordbygdene på Vestlandet av dei som har halde desse bruksmåtane lengst i hevd. Stølane i Åsedalen og Hallsetdalen var mellom dei som vart halde lengst oppe i dette verneområdet. Der var det aktiv drift fram til 1972.



*Stølsdrift på Dunevollen. I dag er det berre eit stølshus att på denne fjellstølen. Fotokjelde: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane*

For å utnytta utmarka best mogleg, var det vanleg at gardane hadde både «heimastøl» i moderat høgd over havet (om lag 300 - 500 m.o.h.), til bruk vår og haust, og ein fjellstøl for å utnytta fjellbeitet. Eit lokalt særpreg for Stølsheimen er at fleire av gardane på Sognesida hadde fjellstølane sine på sørsida av vasskiljet. Dei var difor avhengige av å kryssa til dels høge fjellparti med buskapen sommar og haust. Stølsvegane var såleis meir enn normalt lange og tunge, noko som gjer både stølane og stølsvegane til interessante minne om korleis folk levde og utnytta naturressursane. Som kulturhistorisk dokument bør ein ikkje sjå på stølane og stølsområda lausrive frå gardane, men sjå heilskapen mellom garden og stølen. Stølsvegane var bindeleddet mellom garden og stølen. Lange og bratte stølsvegar sette ei effektiv grense for omfang av tilrettelegging av stølsbruket. Stølshusa vart difor ofte små og spartanske og ofte bygde opp av enkle materiale og stein.

Det vanlege var å ha to stølar, men nokre stadar hadde dei tre stølar som t.d. på Nese i Arnafjorden, der gardane hadde heimastølen Tenne ved fjorden, mellomstøl på Fossetete og Rosete, og fjellstøl på Vatnane, Hest og Dunevollen.

På fjellstølen Hestfjellet (950 m.o.h.) er det restar etter ei taubane som gjekk heilt ned til fjorden.

#### **Andre kulturminne som er representert i Stølsheimen:**

Nokre av dei eldste kulturspora i Stølsheimen er fangstanlegga som vart nytta til fangst av reinsdyr. Fleire er godt synlege i sentrale og nordvestlege del av området. Det er registrert fangstlokalitetar ved blant anna Øksefjellvatnet, Geitedalsvatnet og ved Bjørnevatna. Mange av fangstanlegga er registrert av Norsk institutt for naturforskning (NINA).

I området Gryteberg sør for Raudberg er det spor etter gryteproduksjon i kleberstein datert til jernalder/middelalder. Også i Vetle Raudberg (eit nes som stikk ut i Kvilesteinsvatnet) er det klebersteinsbrot datert til vikingtid/middelalder. Dette området ligg utanfor verneområdet. I Klebberg sør for Klebbergvatnet, er det klebersteinbrot som er datert til jernalder/middelalder.

I Vassdalen i Ortnevik er det registret eit kolframstillingsanlegg som er automatisk freda, og eit busetjingsområde frå jernalder/middelalder som er automatisk freda.

Ein viktig del av kulturhistoria i Stølsheimen ligg i alle namna og historiene knytte til stader der det var menneskeleg aktivitet.

Oversikt over kulturminne ligg på vedlegg Temakart Stølar og kulturminne.

#### 4.3. Dagens bruk av verneområdet

I dag er det ikkje lenger aktiv stølsdrift med mjølking og ysting i Stølsheimen, men mange av stølsområda vert nytta som beiteområde, og stølshusa er viktige i samband med tilsyn av husdyr på beite. Mange av stølshusa vert og nytta som fritidshusvære. Buføringsvegane til stølane vert nytta både som driftevegar til beiteområde og turvegar.

Rammevilkåra for landbruket har endra seg drastisk siste tiåra, og det har medført at mange av gardsbruken langs fjorden ikkje kan drivast lønnsamt lenger på tradisjonell måte. Som følgje av dette er drifta på mange bruk lagd ned. Mange av desse gardsbruken vert no nytta som fritidseigedom.

I 2005 vart verneområdet utvida med Finnafjorden. I det utvida området ligg Finden med fleire gardsbruk. Eit av gardsbruken er i aktiv drift. Landbruksdrifta på Finden gard med beitedyr, har halde landskapet ope. Garden vert driven i kombinasjon med reiseliv.

#### **Turstiane og anna tilrettelegging for friluftsliv**



*Utsikt mot Nese i Arnafjorden. Område er mykje nytta til turområde. Foto: Nils Kvamme*

Bergen og Hordaland Turlag og Voss Utferdsdag har i arbeidet sitt tilrettelagt for friluftsliv i Stølsheimen. Dei vidgjetne og tradisjonsrike stølsområda Solrenningane, Ålrekestølen/Vøvringen, Åsedalen, Hallsetdalen og Rappen, i tillegg til Selhamar, utgjer kjernen i dette området, og er knytt saman av eit nettverk av merkte tursti. Turstiane står i samband med stiar sørover i Vossafjella, vestover til Matrefjella, nordover til Ortnevik og nord og austover til Arnafjorden og Finnafjorden, som og er innfallsportar til landskapsvernombordet. I dei nordlege og austlege områda er det lite tilrettelagt for friluftsliv. Her ligg dei ubetjente hyttene Brydalen og Vatnane.

Ein reknar med at omlag 110 km stiar er T-merkte og at omlag 100 km stølsvegar i verneområdet ikkje

er merkte. Andre som har merka stiar i landskapsvernombordet er Vik Turlag og grunneigarar.

Dei viktigaste innfallsportane til Stølsheimen er Modalen, Eksingedalen, Vikafjellet, Arnafjorden og Ortnevik. Turkarta Stølsheimen og Modalen viser m.a. kor det er merkte og utmerkte stiar i Stølsheimen landskapsvernombordet.

Dei merkte stiane har mykje å sei når det gjeld å kanalisera ferdsla. Dei fleste som går på fjelltur går på merkte stiar. Bruer og klopper er til god hjelp for friluftsliv, og for landbruket for å kunne nytta området til beite. Over dei største elvane er det bruer som vert vedlikehalde av ulike institusjonar. I verneområdet er det fleire bruer; Bergen og Hordaland Turlag: *Dårlegelva (lokalt kalla Dårelielva), Vøvringselva, Åsedalen, Selhamar-osen, Langevatn, Voss Utferdsdag: Torvedalen øvre*. BKK: *Torvedalen nedre, Vassøyane, Steinslandsstølen. Private: Hallsetstølen, Hedledalen, Sylvarnesdalen, Sendedalen v/Holmavatnet, Vassdalen (Ortnevik)*.

Andre tilretteleggjarar som er gjort for å tryggje ferdsla, er at det er sett opp streng for å sikre stien ned Fessene til Vassdalen, og på stien ved Torvedalselva.

### **Turlagshyttene**

I landskapsvernombordet er det seks turisthytter som står opne for ålmenta. Fire av dei (Åsedalen, Solrenningane, Selhamar og Torvedalshytta) har proviant (er sjølvbetjente), medan Vatnane og Brydalen er ubetjente og utan proviant. Turlaga i området har informasjon om hyttene og merkte turstiar på sine heimesider. I tillegg er det ei kvilebu vest for Øksefjellvatnet (på stølsvegen mellom Solrenningane og Ortnevik) og ei hytte i Furedalen, begge eigd av Ortnevik Ungdomslag. Desse hyttene ligg ikkje i tilknyting til merkte stiar. Utanfor landskapsvernombordet, men i tilknyting til stinettet innanfor ligg den sjølvbetjente hytta Norddalen (Bergen og Hordaland Turlag). Besøk på turlagshyttene har vore tilnærma konstant med mindre årlege variasjonar. Sjå hyttestatistikken under (informasjon frå Voss Utferdsdag og Bergen og Hordaland Turlag).

**Tabell 1 Oversikt besøk på hyttene i Stølsheimen landskapsvernombordet og i Norddalen**

	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005
<b>Torvedalen</b>	414	541	485	507	576	489		520	405	545	615
<b>Brydalen</b>	75	89	104	67	27						
<b>Selhamar</b>	491	1100	967	635	849	1113	863	1019	739	1005	925
<b>Solrenningane</b>	609	981	984	803	1066	952	604	749	614	680	690
<b>Vatnane</b>	79	134	126	59	121	89	117	107	100	100	90
<b>Åsedalen</b>	236	674	487	404	703	567	521	699	534	560	620
<b>Norddalen</b>	153	368	387	223	405	300	273	313	254	280	325

Dei sjølvbetjente hyttene og dei merkte turstiane ligg hovudsakleg sør og vest i Stølsheimen.

Tilrettelegging for friluftsliv fører med seg noko aktivitet gjennom heile året med unntak av november til februar. Dette gjeld forsyning av mat og utstyr til turisthyttene, vedlikehald av hytter og

bruver, merking av stiar og anna.

## **Reiseliv**

Myrkdalens Fjellandsby grensar inn til Stølsheimen landskapsvernområde med regulert område for alpinområde. Heile området har godkjent reguleringsplan. Stølsheimen er eit attraktivt område for naturopplevingar for besøkande i Fjellandsbyen. Vik Fjellandsby ynskjer å satse på heilårsopplevingar i tilknyting til Vikafjellet. Verksemder i kommunane rundt tilbyr ulike aktivitetstilbod som vert lagt til verneområdet.

Destinasjon Voss og Visit Sognefjorden har tilrettelagt ein merkt tursti, Vikafjellsruta, frå Voss sentrum til Vik sentrum. Løypa går gjennom verneområdet i Grøndalen og Sendedalen. Dette området er etter kvart mykje nytta både sommar og vinter. Det er i tillegg innanfor villreinen sitt sentrale leveområde.

Innanfor verneområdet er det i dag noko tilrettelagt for reiseliv både i Finden og i Finnabotnen.

## **Vasskraft og el-forsyning**

I ytterkant av området har det etter oppretting av verneområdet vore noko vasskraftutbygging og gruve drift (jf. punkt V, nr. 15 i verneforskrifta). Vassdragsutbyggingsprosjektet i Tuledalen vart utført i 1995. Her vart vatna som låg på 1035 m.o.h. og 1027 m.o.h. varig senka til 1026-1027 m.o.h., og overført til St. Norddalsvatnet (1011 m.o.h.) utanfor verneområdet. Overføringa er utført med tunnel mellom dei to Tuledalsvatna og ein nedgraven kanal (ståløryr med diameter 1.8 m.) ned til St. Norddalsvatnet. Mellom vatna er det sett opp eit lukehus i tre/betong for eventuell avstenging av tunellen. Om tunellen vert avstengt vil vatnet (magasinet) drenera til Ortnevik som tidlegare.

Vassøyane og Raudbergvatnet vart regulert før landskapsvernområdet vart oppretta. Vassøyane, som før var ei rekke mindre vatn langs eit elvefar, er no eit stort vatn som i nordenden går over i Raudbergvatnet via eit smalt sund. Vatnet er regulert opp 13 meter med ein dam med ny konstant høgde. I samband med overføringstunnelen til store Askjellsdalsvatnet er det bygd eit lukehus i betong og tre, og eit hus for lekkasjemåling i betong og tre. Inspeksjon/vedlikehald i overføringstunnelen medfører senking av vatnet til tidlegare nivå.

I Torvedalen er Torvedalstjørnet heva permanent 3,7 meter (frå 802 moh til 805,7 moh) med betongdemning. Vasstanden kan stiga i flaumtida om våren, som for uregulerte vatn. Ei kraftlinje kryssar verneområdet frå Skjelingen til Katledalen, og frå Valmyrane, over Kvanndalsleitet til Kvanndalen, Sølvberget og vidare til Askjellsdalsvatnet, til saman om lag 8 km. I samband med linja er det bygd ei hytte på Kvanndalsleitet. Ansvarleg for linja er Statnett, avd. Sauda.

Rett utanfor verneområdet i Ortnevik, har Småkraft AS i lag med grunneigarane fått konsesjon for eit småkraftanlegg i Trolleholma.

## **Bergverksdrift**

I verneforskrifta er det opna for underjordisk prøvedrift etter talk i Stølsheimen landskapsvernområde, jf. pkt. V nr. 13. Norwegian Holding AS fekk konsesjon for prøveboring i 10 år frå 29.10.1985. Undersøking av området kring Raudbergdalen starta med prøveboring i 1984. Prøvedriftsperioden var frå 1991 til 2001. Prøvedriften er avslutta, og området er tilstelt i tråd med konsesjonsvilkåra for prøvedriften. Vegen inn til anleggsområdet er stengd ved at stikkrenner er opna opp, og vegtraseen er delvis tilbakeført til tilstand før prøvedrift. Det er ikkje arbeidd vidare med bergverksdrift med tunell utanfor landskapsvernområdet, slik det er

opna for i verneforskrifta. Tunellpåslaget og riggområdet er skjult, og landskapet er tilbakeført til naturleg form og difor ikkje lett å få auga på.

### **Vegar**

Anleggsvegen frå rv. 13 på Vikafjellet inn til Kvilesteinsvatnet er ein viktig tilkomstveg inn i Stølsheimen, og til merkte turstiar i området. Dette er ein viktig innfallsport til Stølsheimen landskapsvernombord.

Andre opparbeidde køyrevegar innanfor landskapsvernombordet er vegen ned til telegrafhytta frå rv. 13, traktorveg til Vassdalsvatnet i Ortnevik, og ein mindre traktorveg i byrjinga av stølsvegen til Rosete.

## **5. Kunnskapsstatus**

I samband med opprettinga av verneområdet vart det samla kunnskap om naturgrunnlaget i rapport frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, miljøvernnavdeling (rapport nr. 4 1987). I rapporten Spor etter stølsdrift i Stølsheimen (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 4 2011), heretter kalla «stølsrapporten», er det registrert 56 lokalitetar med kjende stølar og stølsliknande lokalitetar. Rapporten gjev ei fyldig utgreiing og vurdering av vegetasjonen på stølane, og den gjev framlegg om avbøtande og praktiske skjøtselstiltak for å ta vare på stølane. Alle bygningar og bygningsrestar på stølane er dokumentert med biletar. Stølane er fotograferte og lagt inn med bilde i rapporten. 24 av stølane var med i ei bygningsregistrering utført av Fylkeskonservatoren i Hordaland på 1970-talet (Registreringsrapport nr. 5 1979). Begge desse rapportane er viktig kunnskapsgrunnlag for forvaltning av området. Det er ikkje gjort nyare kartleggingar av naturmiljøet i Stølsheimen, og det er ynskjeleg med nye undersøkingar.

Det er ikkje registrert naturtyper innanfor Stølsheimen landskapsvernombordet som er tatt med i «Norsk rødliste for naturtyper 2011» (Artsdatabanken), men følgjande naturtyper er registrerte (sjå vedlegg temakart Naturtype):

Naturtypeområde	Naturtype	Verdi	
Finnabotn (BN00042734)	Hagemark	Viktig	Utvald naturtype. Slåttemark. Det er laga eigen skjøtselsplan for området.
Alrekstølen (BN00042705)	Naturbeitemark	Lokalt viktig	Grøderikt fjellområde. Referanseområde for den tradisjonelle næringsverksemda i fjellområdet.
Solrenningane (BN00015892)	Naturbeitemark	Viktig	Vegetasjonen er nøysam, og ber preg av den tidlegare drifta. Dagens verdi og status er usikker.
Raudberg (BN00042701)	Kalkrike område i fjellet	Viktig	Relativt stor serpentinførekomst i området med flora knytt til dette særprega miljøet.
Grønebakktoppen (BN00042692)	Kalkrike område i fjellet	Viktig	Artsrik og verdifull fjellplantelokalitet.
Klebbberg (BN00042700)	Kalkrike område i fjellet	Viktig	Artsrik og verdifull fjellplantelokalitet.
Solrenningane (BN00042698)	Myr-andre viktige førekomstar	Viktig	Stort myrområde. Fattig vegetasjon på grunn av berggrunn av gneis.

Vassdalsvatnet aust (BN00015837)	Rik edellauvskog	Viktig	For det meste almeskog med innslag av gråor. Avgrensinga er unøyaktig.
Storehovden (BN00042698)	Gamal fattig edellauvskog	Viktig	Stor eikeskog, lågurt-eikeskog, men med innslag av blåbær-eikeskog.
Smørklepp (BN00042704)	Gamal furuskog	Lokalt viktig	Lokaliteten ligg ved innlaupet til Finnafjorden. Den er liten og ligg i eit område der lauvskog dominerer.
Ortnevik - Vassdalsfossen (BN00015838)	Fossesprøytzone	Viktig	Lokaliteten er grovt avgrensa og verdsettinga litt usikker.

## 5.1. Verneverdiar

### 5.1.1. Landskap og geologi



I Urdaskaret syner tydleg skilje mellom den harde bergarten gneis, og den mjukare bergarten fylitt. Foto: Nils Kvamme

Det særeigne for verneområdet er den store variasjonen i naturkvalitetar over eit stort areal. Overgangen frå fjord til fjell, frå grøderik fylitt til hard gneis, mange vatn, lange elvar og høge fossar gjev til saman ei rik naturoppleving. Landskapet er lite påverka av moderne tekniske inngrep, men stølane medverkar til eit rikt kulturlandskap.

Området er delt i to av ei markert berggrunnsgrensem som viser tydeleg att i landskapsformer, jordsmonn og flora. I vest er det gneisområde med avrunda former og U-dalar, lite lausmassar og fattig flora. I aust kjem verneområdet inn i eit større fylittområde med meir lausmassar og rikare flora. Området ved Raudberg er bygd opp av serpentinit og inneheld store talkførekommstar. I nord-austleg retning frå Raudberget er det stripa av rustraude blokker i ei lengd på 5 til 6 km. Stripene indikerer dominerande retning for isen si rørsle under siste istid.

Jordsmonnet ved Solrenningane har spesiell utforming, med 4 -5 m tjukk torv. Dette representerer truleg det mest ekstreme ein kan finne av humusopploping i skrånande terregn. Området ligg i den

mest humide fjellsona i landet ( Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 4-1987).

### 5.1.2. Kulturminne

I heile verneområdet er det spor etter tidlegare tiders utnytting av ressursane i fjellet; fangstanlegg med dyregraver, gryteproduksjon i kleberstein, utnytting av vasskraft til drift av kvernhus, og ikkje minst dei mange og til dels store stølane som har gjeve namnet til Stølsheimen. Stølsområda gjev området eit sær preg.

### 5.1.3. Planteliv

Dei geologiske forholda innan planområdet varierer mykje, og gjev med det stor skilnad i næringstilgang. I område med bergartar av gneis, er det vestleg artsfattig fjellvegetasjon og fattigmyrar. I fylittområdet er det meir næringsrikt, og gjev ein vegetasjon med meir krevjande artar. I serpentinittområdet Raudberg er floraen heilt spesiell med nokre få artar, m.a. fjelltjøreblom.

Stølsheimen ligg i det mest nedbørrike området på Vestlandet. Klimaet i høgfjellet i Stølsheimen er svært fuktig. Klima har stor påverknad på utval av artar og utforming av vegetasjonstype.



Raudsildre er vanleg plante i Stølsheimen. Foto: Nils Kvamme

I liene i nord, ned mot Sognefjorden, veks det lauvskog dominert av bjørk og gråor. Det finst parti med edellauvskog i Finnfjorden, Finnabotnen og i Vassdalen sør for Ortnevik. I Finnfjorden, på Tenne og i Vassdalen i Ortnevik er det plantefelt med gran.

I Vassdalen i Ortnevik er det funne fosserøyklokalitet ( Blom et al. 1983) med interessant lav- og moseflora.

Vegetasjonen på stølane er prega av beiting. Typiske plantar på stølsbøen er engsyre, ryllik, sølvbunke og brennesle.

## 5.1.4. Dyreliv



Villrein på vårbeite. Foto: Nils Kvamme

Fjellheimen villreinområde strekkjer seg over kommunane Vik, Høyanger, Aurland, Voss, Vaksdal og Modalen. Stølsheimen landskapsvernombord er ein del av Fjellheimen villreinområde. Villreinflokken har vore på mellom 500 – 600 dyr, men har endra seg noko siste åra. Vinterstamma 2015/2016 vart anslege til kring 400 dyr. Truleg er rasulukka som ramma villreinflokken i 2014/2015, og ein hard vinter og vår i 2015 årsakene til nedgangen i stamma. Nyleg vedteken bestandplan for området legg føringar for å bygge opp att stamma til kring 600 dyr. Gjennomsnittleg uttak siste 10-åra har vore på om lag 80 dyr. I hovudsak er Vikafjellet kalvingsområde og vinterbeite, men det er trong for eit større areal rundt for å sikre store nok leveområde for villreinen. Villreinen har ein syklus på 20 - 30 år i bruken av beiteområde. Det er difor viktig å sikra at «gamle» beiteområde ikkje vert øydelagd. Nærinstilgangen på vinteren er ofte minimal, og reinen er særleg vårt for uroing på denne tida.

Villreinnemnda for Nordfjella og Fjellheimen er det offentlege forvaltningsorganet for Fjellheimen villreinområde. Den praktiske forvaltinga av villreinen vert utført av rettshavarane i villreinvalda Stølsheimen villreinvald, Austfjelli Vik villreinvald og Fresvikhalvøya villreinvald, og gjennom Fjellheimen villreinutval som er eit samarbeidsorgan for rettshavarane. Det er utarbeidt ein interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde med retningslinjer for bruk av området (vedteken 2016). Forvaltinga av villreinområde innanfor verneområdet må vera i tråd med verneforskrifta. Villreinen er ikkje nemnt spesielt i verneformålet for Stølsheimen landskapsvernombord, men naturmiljøet er ein del av verneformålet. Leveområdet for villrein vil difor vera viktig å ta vare på for å sikra ei levedyktig villreinstamme i området. Der villreinforvaltinga og verneområdeforvaltinga har felles ansvarsområde, bør ein samarbeida mest mogleg til beste for villreinen.

Hjort er utbreidd i heile området og den nyttar både skogen og fjellet. Elg førekjem sporadisk i området. Hjort og elg vert forvalta av rettshavarane i området og kommunen. Det er opna for jakt på hjort i heile området.

Av store rovdyr er jerv registrert i området. Siste registrering var i 2002 (Artskart 2013). Det er registrert hekkande kongeørn, fjellvåk, tårnfalk, jaktfalk. Havørn er registrert, men ikkje påvist hekkande. Dvergfalk, spurvehauk og fleire ugleartar er registrert innanfor landskapsvernombordet.

Våtmarksfuglar er det lite av i området, då det er lite med hekkebiotopar. Dei vanlegaste artane langs vassdraga er strandsnipe, fossekall og linerle. Storlom kan truleg framleis hekke i området, men arten er skjeldan. Svartand er observert, men ikkje påvist hekkande. Strandsnipe og storlom er klassifisert som nært trua art på «Norsk rødliste for arter 2010». Fossekall er ikkje klassifisert som trua art, men den

inngår som ein ansvarsart i samband med habitat for fuglen i Bernkonvensjonen, liste II. Av vadefuglar er heilo og boltit karakterartar i området, men desse er vorte mindre vanleg enn tidlegare.

Hønsefuglar; Både fjellrype, lirype og orrfugl finst i området, men det er rype som er dominerande av hønsefuglane. Jakt på småvilt vert organisert av rettshavarane i området.

Nise og kobbe er eit naturleg innslag i Finnafjorden.

Fiskeressursane er gode i heile verneområdet, grunna den næringsrike berggrunnen fyllitt. Målingar syner stor ulikskap i pH-verdi på vatnet frå aust til vest. Fleire av vatna i Sendedalen, Grøndalen og Dunevollen har vore kalka, og det har vore kultiveringstiltak som utsetjing av stadeigen fisk. Undersøkingar i desse vatna viser no god vasskvalitet. Det er mange av vatna i området som ber preg av for tette fiskebestandar. Fiskevatna vert forvalta av grunneigarane i området.

## 5.2. Truslar mot verneverdiane

### 5.2.1. Innanfor vernegrensa

I store deler av landskapsvernombordet er det lite av større tekniske inngrep som veg, regulerte vatn, kraftlinje eller fast busetnad frå nyare tid. I landskapsvernombordet er alle inngrep eller verksemder som kan endre landskapets art eller karakter forbode jf. verneforskrifta pkt. IV nr. 1. Ei viktig utfordring i Stølsheimen landskapsvernombord er å halda landskapsvernombordet mest mogleg fritt for nye inngrep, installasjonar og bygningar.

Kulturlandskapet under skoggrensa er utsett for attgroing når driftsformene i jordbruket endrar seg til mindre aktiv drift. Det er ikkje lenger slått og lauving i utmarka. Det er vesentleg mindre beiting, og det er mindre vedhogst enn før. Beiting har stor innverknad på kulturlandskapet i Stølsheimen. Utan beiting vil vegetasjonen på stølsvollane og området rundt verta gradvis endra, og det vil veksa til med meir skog på dei opne stølsvollane under skoggrensa.



Stølen til gardane på Sylvarnes ligg i Sylvarnesdalen. Stølsvollen vart rydda for einer i 2015. Det er beitedyr i området. Foto: Anbjørg Nornes

Klimaendringane utgjer ein trussel for verneverdiane ved at varmare og fuktigare klima fører til

raskare vegetasjonsvekst. Varmare klima gjev betre forhold for skogvekst høgare opp mot fjellet enn det er i dag.

Det er granfelt både i Finnafjorden, på Tenne og i Vassdalen. Spreiing av gran i verneområdet er ein trussel for verneverdiane.

### 5.2.2. Utanfor vernegrensa

Grensa for landskapsvernombordet går ikkje nødvendigvis ved klare skilje i landskapet, noko som gjer at tilgrensande område fleire stadar er ein del av landskapsrommet for landskapsvernombordet og med det ein viktig del av heilskapen i landskapet. Inngrep i desse områda er lite ynskjeleg ut frå eit heilskapsperspektiv. Ansvaret for forvaltning av desse områda ligg først og fremst til grunneigarane og kommunane, men fylkeskommunen og fylkesmannen har eit overordna planansvar m.a. etter plan- og bygningslova. Forvaltningsplanen går ikkje inn med konkrete tilrådingar om forvaltning av dei tilgrensande områda, men gjev ei generell oppmoding til andre forvaltningsinstansar om å sjå heilskap ved forvaltning av desse områda (jf. § 49 i nml). Eit døme på ei slik utfordring er at utbygging i Myrdalen og Vik Fjellandsby kan føra til auka press på område i landskapsvernombordet.

Spreiing av granfrø frå granplantefelt i randsoner utanfor og inn i verneområde er ein trussel for verneverdiane.

### 5.3. Overvakning og kartleggingsbehov

Det er trond for oppdatering av kunnskap om naturverdiar i landskapsvernombordet, og kartleggja viktige biotopar for sårbare og trua artar som rovfuglar og våtmarksfuglar. Den botaniske kunnskapen bør oppdaterast gjennom kartlegging i felt. Det bør gjerast ei prioritering av område som bør kartleggjast på nytt med omsyn til auka kunnskap om naturverdiar.

Under arbeidet med rapporten «Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernombord» (Rapport nr. 4 - 2011) vart det avdekkja fleire tufter etter bygningar som kan vera av førhistorisk karakter (eldre enn år 1500) og difor automatisk freda etter kulturminnelova. Det er ynskjeleg å undersøkja desse funna nærmare, og få meir kunnskap om utmarksbruken i forhistorisk tid i området, og korleis dette har vore med og forma kulturlandskapet. Det er gjennomført lite registreringar og undersøkingar av forminne innanfor Stølsheimen landskapsvernombord.

## 6. Forvaltning av Stølsheimen landskapsvernombord

Forvaltningsmyndigheten har ansvar for å forvalta verneområde i tråd med verneformålet, og treffa naudsynte tiltak viss verneverdiane er trua, jf. rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, miljødirektoratet 106-2014, og Klima- og miljødepartementet sin rettleiar om naturmangfaldlova kapittel 2.

### 6.1. Forvaltningsmål

Forvaltningsmålet for Stølsheimen landskapsvernombord er å ta vare på det som kjenneteiknar området; eit landskap som er vakker og dramatisk frå naturen si side og lite påverka av moderne tekniske inngrep, og med kulturlandskap og kulturminne frå det utmarksbaserte vestlandslandbruket.

Det er eit mål å ta vare på naturmiljøet og det biologisk mangfaldet i verneområdet. Målet er å ta vare på mangfaldet av stølstypar og kulturlandskapstypar for framtida, og sikre heilskapen av dette i landskapet.

Området skal kunne nyttast som ein ressurs for landbruket innanfor rammene av verneformålet gjennom aktivt landbruk med beitedyr og skjøtsel.

Stølsheimen landskapsvernombordet skal framstå som eit naturområde godt eigna til utøving av tradisjonelt friluftsliv. Det er eit mål å utvikla og leggja tilrette eksisterande innfallsportar, og vurdera om det bør satsast på nye innfallsportar. Motorferdsle i Stølsheimen skal haldast på eit lågast mogleg nivå, og berre til naudsynt transport. Ro og stille er ein kvalitet og eit felles gode som er viktig å ta vare på i verneområdet.

## 6.2. Bevaringsmål

Forvaltning av verneområde skal vera kunnskapsbasert, og det skal setjast konkrete bevaringsmål for ynskt naturtilstand i kvart verneområde. Bevaringsmåla skal vera konkrete på kva som skal fylgjast opp, og skal kunne målast opp mot ein definert tilstand. Bevaringsmåla kan vera knytt til overvaking av framande artar, forsøpling av område, gjengroing m.m. Bevaringsmåla skal overvakast, og resultata frå overvakainga skal leggjast inn i fagsystemet NatStat <http://natstat.miljodirektoratet.no>. Dette er eit elektronisk fagsystem som er oppretta av Miljødirektoratet. Resultata av overvakainga fastslår om naturtilstanden er god, middels eller dårlig, og om bevaringsmålet er nådd.

Det er ikkje laga bevaringsmål for Stølsheimen landskapsvernombordet som del av forvaltningsplanen. Bevaringsmål skal lagast i planperioden for blant anna prioriterte stølsområde.

## 6.3. Besøksstrategi

I fylgje vedtekten til verneområdestyre kan styret «*som forvaltningsstyresmakt legge til rette for at verneområdet sitt potensiale for verdiskaping vert utnytta innanfor ramma av verneforskrifta og naturmangfaldlova*» (utdrag frå vedtekter for Stølsheimen verneområdestyre, 10.09.2015). Deler av Stølsheimen vert mykje nytta som turområde, og ein må få til balanse mellom bruk av verneområdet til turistnæring og besøk, og ta vare på sårbare naturverdiar. Ein besøksstrategi vil vera eit godt verktøy i dette arbeidet. Miljødirektoratet har utarbeidd ein rettleiar for besøksforvaltning i norske verneområde (M-415, 2015) I rettleiaren er besøksstrategi definert som «*en plan for hvordan forvaltningsmyndigheten vil gjennomføre besøksforvaltning for verneområdet. Besøksstrategien skal vise hvilke tiltak (informasjon, fysisk tilrettelegging, sonering, oppsyn etc.) som er nødvendig for å balansere verneverdien, besøkende og lokal verdiskaping i et verneområde, slik at en oppnår størst mulig nytte for alle tre interesser*



Turlaga har sett opp eigne skilt for T-merka stiar i området, som her i Torvedalen. Foto: Anbjørg Nornes

I planarbeidet bør det setjast opp ei prioritering om det er område som skal tilretteleggjast for å kanalisera ferdsla i landskapsvernområdet. Den søraustlege delen av landskapsvernområde er mest nytta til friluftsliv. Området som ligg mellom Myrdalen og Sendedalen er eit viktig trekkområde for villrein, og er eit område med auka interesse for turbruk, blant anna frå Myrdalen fjellandsby. Auka ferdsel og motorferdsle i vinterbeite-området kan hindra vandring for villreinen. Den samla belastninga på området må vurderast før det vert tilrettelagt for auka ferdsel jf. naturmangfaldlova § 10. For dette området er det viktig å finne gode løysingar for å sjå kva område som kan tilretteleggjast og kva område som bør skjermast for ferdsel. Det er viktig å fylgje med på bruken av område. Ein metode for å registrere ferdsel er å nytta ferdselsteljar på dei mest brukte turstiane. Dette kan vera aktuelt å gjennomføra i samarbeid med villreinforvaltninga. Ein sti- og løypeplan for både vinter- og sommarløyper kan vera eit godt verktøy for å styra ferdsla. Dette er eit aktuelt tiltak i kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde. Løypeplanen bør utarbeidast i samarbeid med grunneigarar, villreinnemnd, turlaga, kommunen, reiselivet og verneområdestyret.

Tilrettelegging av t.d. parkeringsplassar og toalett kan vere aktuelle tiltak. Eit godt samarbeid med kommunane og grunneigarane vil vere avgjerande for å få dette til. I planperioden bør det vurderast å leggja til rette parkering og innfallsport til Stølsheimen landskapsvernområde der stien tek av frå Kvilesteinsvatnet til Raudberget, utanfor grensa til verneområdet. I dag er det ein liten parkeringsplass og løveskilt her. Tilrettelegginga vil gje lettare tilgjenge til Selhamar, særleg med tanke på barnefamiliar og rørslehemma. I dag går T-merkt sti til Selhamar frå Bjergane, og denne vil verta oppretthalden. Prosjektet må vurderast i samband med besøksstrategien for Stølsheimen. I besøksstrategien bør det gjerast ein heilskapleg vurdering av kva område som bør tilretteleggjast som innfallsportar til Stølsheimen.

### 6.3.1. Informasjon

Stølsheimen verneområdestyre har det overordna ansvaret for å utarbeide og formidle informasjon om verneområdet. Styret vil samarbeide med fleire aktørar om informasjon, t.d. grunneigarar, Miljødirektoratet, SNO, fylkesmennene og kommunane.

Det er viktig med god informasjon til brukarane av verneområda. Klima- og miljødepartementet vedtok i 2014 ein ny merkevarestrategi for nasjonalparkane for å gje dei ein meir tydelege og heilskapleg identitet, og for å trekka dei fram som trekplaster for berekraftig reiseliv. Landskapsvernombord og naturreservat er også underlagt merkevarestrategien. Strategien gjev føringar for korleis aktørane underlagt merke skal gje dei beskjande i verneområde gode opplevelingar av høg kvalitet og leggja til rette for verdiskaping samtidig som naturen skal ivaretakast. I 2015 vart ny profilmanual for verneområde klar. Nye skilt og informasjon i regi av forvaltninga skal vera i tråd med den nye profilen <http://designmanual.norgesnasjonalparker.no>.

Eksisterande informasjonspunkt 2016
Finnabotnen
Finden gard
Tenne
Bjergane
Gullbrå (oppgang til Torvedalen)
Trefall (oppgang til Trefallstølen)
Stølsdammen
Ortnevik

Det er laga ei eiga nettside for Stølsheimen under [www.nasjonalparkstyre.no](http://www.nasjonalparkstyre.no). Stølsheimen verneområdestyre brukar denne nettsida til å informera om arbeidet til styret, generell informasjon om verneområdet, faginformasjon, informasjon om tiltak og rettleiing ved søknad om dispensasjon frå verneforskrifta. Informasjon til turistar og besökande vil i hovudsak verta kanalisiert gjennom turistinformasjon og reiselivsselskap. På desse sidene bør det vera informasjon om Stølsheimen landskapsvernombord.

#### Informasjon i kommunane

I alle fem kommunane bør det vere meir informasjon om Stølsheimen landskapsverneområde. Dette gjeld og turistinformasjonen i kommunane. Informasjonen bør utformast i samarbeid mellom aktuelle aktørar.

Kommunane Voss og Vik er i tillegg innfallsportar til Nærøyfjorden landskapsvernombord og har område innanfor Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Det bør skje ei samordning av informasjon om verneområda i kommunane.

#### **6.4. Planlagde skjøtselstiltak**

Skjøtsel som vert sett i gang må vera i samsvar med forvaltningsmåla, og fremja verneformålet, jf. verneforskrifta pkt. VIII og naturmangfaldlova § 47. I forvaltningsplanen er det mange tiltak som er omtalt. For stølsområda er trøng for skjøtsel omtalt i Stølsrapporten. Stølsrapporten vil verta fylgt opp med prioritering av område for skjøtsel og skjøtselstiltak. Det er sett opp kriteria for prioritering av stølar, og prioritieringsliste for stølar i samarbeid med fagleg rådgjevande utval (sjå vedlagt prioritieringsliste). Denne lista må evaluerast jamleg. Planlegging og gjennomføring av skjøtsels- og restaureringstiltak, informasjon og tilrettelegging for friluftsliv vil vera avhengig av interesse og samarbeid med grunneigarar. Prioriterte tiltak bør ha eit 5-års perspektiv på utarbeiding av plan og iverksetjing.

Skjøtselsplan er utarbeidd for Finnabotnen i 2003, og skjøtselsplan for Finden er under arbeid. Tiltak i desse områda vert gjennomført i samsvar med plan og etteravtale.

#### 6.4.1. Reglar

Reglar om skjøtsel i verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde

Pkt. VIII

*Forvalningsstyresmakta, eller den forvalningsstyresmakta gjev fullmakt, kan setje i verk slik skjøtsel som trengst for å oppfylle føremålet med vernet. Det kan utarbeidast skjøtselsplan for landskapsvernområdet med retningsliner for gjennomføring av skjøtselstiltaka.*

#### 6.4.2. Retningslinjer

##### **Retningslinjer for skjøtsel i Stølsheimen landskapsvernområde.**

- Stølsrapporten vil vera eit viktig kunnskapsgrunnlag for forvalningsstyresmakta i vurdering av enkeltsaker. I 2013 er data frå Stølsrapporten digitalisert og lagt inn i verneområdeloggen (MONA-prosjekt). Dette gjev lettare tilgangen på data i det daglege arbeidet med forvaltning av verneområdet. Stølsrapporten og fastsette kriteria for prioritering av stølsområde, bør vera grunnlag for prioritering av skjøtselsmidlar til stølar.
- Grunneigarar som sjølve ynskjer å ivaretaka og restaurera bygningar, og drive med skjøtsel av kulturlandskap, bør prioriterast i bruk av tiltaksmidlar.
- Skjøtselstiltak bør ikkje setjast i verk før det er gjort avtale med grunneigar. Avtalen skal vera skriftleg og omhandle ansvar for iverksetjing, oppfylging og finansiering.

Tiltaksplan er vedlegg til forvaltningsplan.

#### 6.5. Kulturlandskap og kulturminne

I verneområdet kan kulturlandskapet delast i:

- Kulturlandskapet i fjellet: Stølane, anlegg i samband med støling og stølsbøane som kvar for seg er ulike alt etter terreng, tilkomst og tal brukarar på stølen.
- Kulturlandskapet i fjordsidene og langs fjorden: Slåttemarker, beiteområde og andre spor etter innhausting i utmarka, og innmarksareal med bygningar (Finnafjorden).
- Skogen som ligg mellom desse to landskapstypene er kulturpåverka gjennom hogst og rydding, styring og beiting. Skogen i lisidene opp mot fjellet har vore nytta til vedhogst og bygningsmateriale til bruk på gardane og stølane.
- Buførings- og reievegane er viktige kulturminne som viser ferdsselsvegen mellom gardane og stølane.

Stølane med bygningane og stølsbøane gjev svært viktig sær preg på landskapet i Stølsheimen. Stølane er kulturmiljø som synleggjer korleis områda har vore brukt opp gjennom tidene. Døme på kulturminne er bygningar, tufter, steingardar og fangstanlegg. I verneområdet vil det vera viktig å ta vare på kulturlandskapet og kulturminna både for den kulturhistoriske arven og for området sin verdi som landskapsoppleving.

Fjerning eller inngrep i faste kulturminne er forbode. Kulturminnelova gjeld i verneområdet som elles i Norge. Å ta vare på kulturminne og kulturlandskap er ein del av verneformålet jf. pkt. III. Kulturminne eldre enn år 1537 og bygningar eldre enn år 1640 er automatisk freda. Fangstanlegg er døme på

automatisk freda kulturminne. Tufter etter gamle stølsbygningar er i dei fleste tilfelle ikkje tidfesta.

Desse tuftene kan vera automatisk freda og bør som hovudregel få ligge i fred utan inngrep.

Vegetasjonen som har vakse over tuftene vil ha ein skjermande effekt på desse kulturminna.

Kulturminne som stølsanlegga er avhengig av bruk, skjøtsel og vedlikehald for å verta tatt vare på. På grunn av at mange av stølane ikkje lenger er i bruk i landbruksdrift, er det trond for skjøtsel av stølsbøane. Stølsrapporten med prioritering av skjøtsel på stølane vil vera viktig dokument i forvaltninga av kulturlandskapet. Bygningar i kulturlandskapet er omtalt i kapittel om bygningar.



Stølshusa på Ålrekestølen er restaurerte og tatt godt vare på. Stølen har høg opplevingsverdi. Foto: Anbjørg Nornes

I Raudbergdalen er det inskripsjonar i kleberstein der folk har rissa inn namnet sitt. Klebersteinsbrota er automatisk freda kulturminne, og skriving av namn i desse kulturminna er ulovleg.

### 6.5.1. Reglar

Reglar i verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde som gjeld kulturlandskapet og kulturminne med unntak av bygningar:

Pkt. IV:

1. Alle inngrep eller verksemder som vesentlig kan endre landskapets art eller karakter er forbode; så som oppføring av bygninger, anlegg og faste innretninger, fjerning eller inngrep i faste kulturminner fra nyare tid, så som bygningar, vegrar, gamle kve m.m., framføring av luftleidningar, bygging av vegrar, drenering, og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, bergverksdrift, vassdragsregulering, attlegging av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske middel, utslepp av konsentrerte forureiningstilførslar mv. Opplistinga er ikkje uttømmande.
3. Særmerkte og dekorative tre skal ikkje fellast, heller ikkje daude tre som er med på å prega landskapet.

Pkt. V:

Reglane i pkt. IV er ikkje til hinder for:

6. Vanleg vedlikehald av eksisterande anlegg, merka turiststigar, vegrar, kraft- og telefonlinjer og vanleg vedlikehald av bygningar med tradisjonelle materialar.
7. Utmarksbeite.
8. Gjødsling og manuell rydding av stølsbørar.

## 6.5.2. Retningslinjer

### Retningslinjer for kulturlandskap og kulturminne for Stølsheimen landskapsvernområde.

Tiltak med direkte unntak i verneforskrifta

- Verneforskrifta set ikkje avgrensing på beiting i verneområdet (jf. pkt. V nr. 7).
- Skjøtsel og drift av innmark og beite på gardsbruk innanfor verneområde er tillate. Stølsbørar kan gjødslast og ryddast, men det kan ikkje nyttast kjemiske middel i samband med skjøtsel jf. verneforskrifta pkt. IV nr. 1.
- Vedlikehalde av bruer, klopper og støttemurar kan gjerast på eksisterande anlegg. Med vedlikehald av stølsvegar (jf. pkt. V nr. 6) meinast å halde stien open og fri for skog og kratt. Vedlikehaldsarbeid på bruer, klopper og støttemurar skal ikkje medføra endra storlek, utstrekning eller utsjänad vesentleg. Det skal brukast tradisjonelle materialar til vedlikehaldsarbeid.
- Det kan hoggast ved til eige bruk når det vert gjennomført som plukkhogst og ikkje snauhogst jf. pkt. IV nr. 2. Hogst på stølsbørar som skjøtselstiltak for å opne opp att stølsbørar vert rekna som vedlikehald jf. pkt. V nr. 8. Dekorative og særmerkte tre skal verta ståande (jf. pkt. IV nr. 3).

Tiltak etter søknad

- Oppføring av nye bruer og gjennoppføring av gamle bruer er søknadspliktig og må vurderast etter naturmangfaldlova §48.

## 6.6. Landbruk og skogbruk



Storfe på beite i Vassdalen i Ortnevik. Foto: Anbjørg Nornes

Landbruk er direkte nemnt i verneføremålet som ein aktivitet som skal halda fram samstundes som ein skal ta vare på natur- og kulturlandskapet. Beiting er den viktigaste skjøtselen for å ta vare på kulturlandskapet både langs fjorden og i stølslandskapet.

I Finden er det framleis landbruksdrift. Definisjon på aktiv landbruksdrift på ein gard, er at garden er registrert med næringsinntekt frå landbruket. Det er viktig at forvaltninga av området gjer det mogleg med busettad og framleis landbruksdrift, og stimulera til berekraftig bygde- og næringsutvikling ved at verneverdiane skal vera ein ressurs og ei drivkraft for å utvikla eit robust og variert næringsliv. Dette treng ikkje stå i motsetnad til kvarandre. Landbruksdrift vil t.d. vera viktig for å ta vare på kulturlandskapsverdiar og biologisk mangfald i slike område så lenge drifta ikkje fører til nye og varige inngrep.

Det er berre i Finnabotnen og på Finden gard innmarka på gardane ligg innanfor landskapsvernombordet, og berre på Finden gard det bur folk heile året (pr. 2017). Innmarka på dei andre gardane ligg utanfor verneområdet, og vert ikkje omfatta av verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernombordet (av 21.12.1990 med endring 16.12.2005). For brukta utanfor landskapsvernombordet kan forvalningsstyret berre koma med oppmoding til grunneigarane og kommunen om å forvalta desse områda på ein slik måte at kulturlandskapet vert halde i hevd, og med det hindra attgroing.

Ei viktig utfordring er å utvikle driftsformer i skogbruket som tek vare på dei landskapsverdiane ein vil verne om, som samanhengande skogområde, og skog med ulik alder og samansetning. Store og særmerka tre skal ikkje hoggast. Med særmerkte tre meinast tre som skil seg ut i landskapet, t.d. gamle styva tre (tre som har vore lauva). Oppdyrkning eller endring av den naturlege samansetnaden av treslag ved skogkultur er forbode jf. pkt. IV nr. 2, og hogstflater skal ikkje vera større enn 5 da. Skogen er ein viktig økonomisk ressurs for fleire av gardsbruka i verneområdet, særleg i Ortnevik.

### 6.6.1. Reglar

Reglar i verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde som gjeld landbruk og skogbruk.

#### Pkt. IV

1. Alle inngrep eller verksemd som vesentleg kan endre landskapets art eller karakter er forbode; så som oppføring av bygningar, anlegg og faste innretninger, fjerning eller inngrep i faste kulturminner fra nyare tid, så som bygningar, vegar, gamle kve m.m., framføring av luftleidninger, bygging av vegar, drenering, og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, bergverksdrift, vassdragsregulering, attlegging av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske middel, utslepp av konsentrerte forureiningstilførslar mv.  
*Opplistinga er ikke uttømmende.*
2. Oppdyrkning eller endring i den naturlege samansetnaden av treslag ved skogkultur er forbode. Snauhogst er berre tillate i samråd med forvalningsstyresmakta og dersom kvar hogstflate er mindre enn 5 da. Ny skog skal kome naturleg, men furu kan plantast der den er det naturlege treslaget.
3. Særmerkte og dekorative tre skal ikke fellast, heller ikke daude tre som er med på å prega landskapet.

#### Pkt. V

Reglane i pkt. IV er ikke til hinder for:

6. Vanleg vedlikehald av eksisterande anlegg, merka turiststigar, vegar, kraft- og telefonliner og vanleg vedlikehald av bygningar med tradisjonelle materialar.

#### Pkt. VI

Forvalningsstyresmakta, eller den forvalningsstyresmakta gje fullmakt, kan på nærmere vilkår gje løyve til:

1. Endring av driftsformer i landbruket som kan få vesentleg innverknad på landskapet sin art eller karakter, slik som nydyrkning og oppføring av nye stølsanlegg mv.

## 6.6.2. Retningslinjer

### **Retningslinjer for landbruk og skogbruk i Stølsheimen landskapsvernområde.**

Beite, direkte unntak i verneforskrifta:

- Verneforskrifta set ikkje avgrensing på beiting i verneområdet, jf. pkt. V nr. 7. I Stølsheimen er situasjonen i dag at det er ynskjeleg med meir beiting med ulike typar husdyr.
- Skjøtsel og drift av innmark og beite på gardsbruk innanfor verneområde er tillate.
- Vedlikehald av eksisterande gjerde i landbruksdrifter ikkje søknadspliktig. Eksisterande gjerde vert vurdert som eksisterande anlegg, jf. pkt. V nr. 6.
- Sankehegn og gjerde/straumgjerde som vert sett opp midlertidig for ein beitesesong er ikkje søknadspliktig, men bør fjernast etter beitesesongen avslutta.

Hogst, direkte unntak i verneforskrifta:

- Snauhogst er berre tillate i samråd med forvaltninga, og på flater inntil 5 daa (jf. pkt. IV nr. 2). Dekorative og særmerkte tre skal verta ståande (jf. pkt. IV nr. 3).
- Det kan hoggast ved til eige bruk når det vert gjennomført som plukkhogst og ikkje snauhogst jf. pkt. IV nr. 2

Vedlikehald, direkte unntak i verneforskrifta:

- For vedlikehald av kulturminne i jord- og skogbruksverksemd gjeld same retningslinjene som under kapittel kulturlandskap med stølar og andre kulturminne.

Tiltak etter søknad:

- Oppsett av nye faste gjerde er ein fast installasjon, og vert omfatta av forbodet om faste innretningar. Søknad om å få setja opp nye gjerde som skal stå meir enn ein beitesesong må behandlast etter nml. § 48.
- Sankehegn som vert sett opp for fleire år er ein fast innretning og må behandlast etter nml. § 48. Sankehegn som ikkje lenger er i bruk bør fjernast av eigar.
- Søknad om behandling av trestubbar med kjemisk middel etter rydding der det er vurdert som einaste løysinga for å gjennomføra skjøtsel, må vurderast av verneområdestyret etter dispensasjonsregelen (nml. § 48).
- Oppføring av nye bruer og gjennoppføring av gamle bruer er søknadspliktig, og må vurderast etter naturmangfaldlova § 48.

Nydyrkning og oppføring av nye stølsanlegg:

- Dersom det kjem søknad om nydyrkning og oppføring av nye anlegg på stølane, skal verneområdestyret vurdera i kva grad tiltaket kan føre til endring av landskapet og kva det vil medføra av samla belastning for området. Stølsanlegget og nydyrkninga må vurderast ut frå behovet knytt til landbruksdrifta i den enkelte saka. Det må i tillegg vurderast om tiltaket vil skapa presedens for liknande saker i området, og andre verneområde. Det kan setjast detaljerte vilkår etter vurdering av nml. §§ 8 til 12. I alt tilseier dette at det vil vera ein høg terskel for å gje dispensasjon for nydyrkning og etablering av nye stølsanlegg.
- For oppføring av gjeterhytter, buer og naust, og andre bygg i samband med landbruksdrift (jf. pkt. VI nr. 2). Sjå retningslinjer under bygningar.

## 6.7. Fritidsbygg og bygningar knytt til landbruksdrift og stølar

Stølshusa utgjer ein viktig del av kulturminna i landskapsvernombordet. Utfordringa er å halda desse vedlike, og ved restaurering at endringar ikkje vert så store at bygningane mister sitt autentiske (ekte/oppavelege) preg. Stølar og stølshus som har denne «historia i seg» er eit viktig bidrag til vår felles kulturhistorie. Gjennom eit samarbeid med kulturavdelinga i fylkeskommunen har forvaltningsstyret tilgang på arkitektfagleg kompetanse til rettleiing ved restaurering eller ved endring av stølshus eller andre bygningar i landskapsvernombordet.

Stølsanlegga er vedlikehaldne på ulike måtar og med ulike mål. Som gode døme står Årekestølen/Vørtingen og dels Solrenningane med restaurerte steinsel. Ytterveggane på alle dei 5 attverande stølshusa på Årekestølen/Vørtingen er i hovudsak restaurert etter antikvariske prinsipp, det vil sei at bygget er sett i stand slik at det får tilbake sin opphavlege utsjånad. Lista for ivaretaking kan likevel ikkje leggjast på «antikvarisk prinsipp» for å ivareta alle stølsmiljøa i Stølsheimen, men er aktuelle for nokre få stølsmiljø og enkeltbygningar.

For alle stølsmiljø gjeld at arbeid med restaurering og vedlikehald av bygningar skal gjerast etter lokal tradisjonell byggeskikk. Forvaltningsprinsippet legg definisjonen på vedlikehald og restaurering i rettleiaren for *Kulturminne i områder vernet etter naturmangfaldlova* (M-420, 2015) til grunn i vurdering av saker.

- Vedlikehald: rutinemessig arbeid for å hindre forfall på grunn av jamn og normal slitasje
- Restaurering: heilt eller delvis å tilbakeføra ein bygning eller gjenstand til ein tidlegare tilstand. Tidspunkt for tidlegare tilstand vert avklart med kulturminneforvaltningsplanen i det aktuelle fylket.

Kva som er lokal byggeskikk vil variera mellom dei ulike stølane. For å ta vare på bygningsmiljøet er det viktig å oppretthalda den tradisjonelle byggemåten med same skala og med same volum. Det bør brukast same type materiale, konstruksjonar, teknikkar og farge. Det vanlege på utvendig kledning er kanta ufalsa bord med varierande breidd (ikkje villmarkspanel), takmateriale av tørv, skifer eller bølgjeblekk og vindauge med gjennomgåande sprosser. I Stølsheimen er det vanleg at stølshusa har små takutstikk. Bygningsdetaljar på vindauge, takutstikk og listverk er viktige detaljar for den totale utsjånaden på bygget. På fleire av stølane er det steinsel som er tradisjonell byggeskikk. Heftet «Stølar og stølsdrift» som er gjeve ut av fylkesmennene og fylkeskommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane (Gald 2009) gjev god rettleiing i dette arbeidet. Det er fylkeskommunane si kulturavdeling som er faginstans med omsyn til lokal byggeskikk. Dette gjeld både utforming, storleik, materialval, plassering med vidare.

Mange av stølshusa vert i dag brukt i fritidssamanheng, og med det ynskje om oppgradering og utviding av bygga, og oppsett av uthus og utedo. Tiltaket må vurderast ut frå om tiltaket er naudsynt etter bygget sitt noverande bruksformål og bruksomfang t.d. for oppbevaring av utstyr og liknande. Tiltaket må vera innanfor rammene for verneforskrifta. Påbygg og ombygging er det ikkje reglar for i verneforskrifta. Slike saker må vurderast etter naturmangfaldlova § 48. Etter vernet vart oppretta har det vore fleire søknader om endringar av bygningar i landskapsvernombordet. Det er difor sett retningslinjer for slike saker i denne planen.

Ved at stølshusa vert meir nytta i fritidssamanheng enn tidlegare, er det ynskje om meir tilrettelegging på utsida av bygningane med terrassar, plattingar og inngjerding. Det er ikkje opna for slike tiltak i verneforskrifta, og sakene må vurderast etter nml. § 48. På stølane i Stølsheimen er det ikkje tradisjon for plattning, terrasse eller inngjerding, og som hovudregel vil det ikkje verta gjeve løyye til slike tiltak.

I tillegg til stølane er det nokre få fritidshus og bygningar som er sett opp som gjetarhytter. Mange av gjetarhyttene vert i dag nytta som fritidshus.



*Stølshusa på Hallsetstølen er halde i god stand. Stølshusa vert nytta både i landbruksdrift og til fritidsbruk. Foto: Mons Kvamme*

I nyare tid er det sett opp naust ved vatn ved nokre av stølane i Stølsheimen. Fylgjande stølar og område har fått løyje til å setja opp naust etter oppretting av verneområdet: Skjervheims-Grøndalen, Hallsetstølen, Lars-Ola-vatnet og Mørkves-Grøndalen i Sendedalen. I tillegg er det sett opp naust i Solrenningane. Nausta er sett opp felles for rettshavarar til det aktuelle vatnet. I løyve som er gitt til oppføring av naust, er det sett vilkår om at naustet skal vera nøktern og enkelt, det skal tilpassast terrenget slik at det er minst mogleg synleg i landskapet.

Stølsheimen landskapsvernombord er eit verneområde med god dokumentasjon av bygningar og bygningsmiljø. I rapporten frå Fylkeskonservatoren i Hordaland (Registreringsrapport nr. 5) er stølshusa i Sogn og Fjordane dokumentert med plassering, konstruksjonar og storleik på 1970-talet. I Stølsrapporten er omlag alle stølane og stølsområda dokumentert med tilstand i 2009. Desse to rapportane gjev eit godt kunnskapsgrunnlag for framtidig forvaltning ved vurdering av søknader om tiltak verneområdet.

### 6.7.1. Reglar

Reglar i verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernombord som gjeld fritidsbygg og bygningar knytt til landbruksdrift og stølar.

#### Pkt. IV

1. Alle inngrep eller verksemeld som vesentleg kan endre landskapets art eller karakter er forbode; så som oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, fjerning eller inngrep i faste kulturminner frå nyare tid, så som bygningar, vegar, gamle kve m.m., framføring av luftleidningar, bygging av vegar, drenering, og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, bergverksdrift, vassdragsregulering, attlegging av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske middel, utslepp av konsentrerte forureiningstilførslar mv.  
*Opplistinga er ikkje uttømmande.*

#### Pkt. V

*Reglane i pkt. IV er ikkje til hinder for:*

6. Vanleg vedlikehald av eksisterande anlegg, merka turiststigar, vegar, kraft- og telefonliner og

*vanleg vedlikehald av bygningar med tradisjonelle materialar.*

Pkt. VI

*Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gje fullmakt, kan på nærmere vilkår gje løyve til:*

- 1. Endring av driftsformer i landbruket som kan få vesentleg innverknad på landskapet sin art eller karakter, slik som nydyrkning og oppføring av nye stølsanlegg mv.*
- 2. Oppføring av gjetarhytter, buer og naust, og andre bygg i samband med landbruksdrift, tilpassa tradisjonelt bygningsmiljø på staden.*
- 3. Restaurering og gjennoppføring av stølshus i stølsområda etter plan og teikningar utarbeidde i samråd med fylkeskonservatoren.*

### 6.7.2. Retningslinjer

#### **Retningslinjer for fritidsbygg og bygningar knytt til landbruksdrift og stølar i Stølsheimen landskapsvernombord.**

Vedlikehald, direkte unntak i verneforskrifta:

- Med vanleg vedlikehald som er tillate utan søknad (jf. pkt. V nr. 6), meinast å gje enkle reparasjoner på bygget utan å endra den ytre utsjånaden på bygget. Tiltak som fører til fasadeendring er ikkje vedlikehald, og er søknadspliktig. Arbeidet skal gjerast i tråd med tradisjonell lokal bygeskikk på staden ved utforming og materialbruk. Det mest vanlege er kanta ufalsa bord med varierande breidd (ikkje villmarkspanel) på utvendig kledning, takmateriale av torv, skifer eller bølgjeblekk, vindauge med gjennomgående sprosser og små takutstikk. Bygningsdetaljar på vindauge, takutstikk og listverk er viktige detaljar for den totale utsjånaden på bygget. På fleire av stølane er det steinsel som er tradisjonell bygeskikk. Fylkeskommunen kan gje rettleiing i restaureringsarbeid av kulturminne, og setja krav til vedlikehaldsarbeid der kulturminne er freda.

Tiltak etter søknad:

- Ved handsaming av søknad om løyve til istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne og bygningar, skal verneområdestyret vurdera konsekvensane for natur- og kulturverdiane av eit slikt løyve på kort og lang sikt, og samla belastning for området jf. naturmangfaldlova § 10. I løyvet som gjeld bygningar vil det verta sett vilkåra om lokal bygeskikk.
- Verneområdestyret kan gje løyve til oppføring av nye stølsanlegg (jf. pkt. VI nr. 1) gjetarhytter og andre bygg i samband med landbruksdrift (jf. pkt. VI nr. 2). Det bør dokumenterast at det er trond for bygget i samband med landbruksdrifta. Løyve kan gjevest med vilkår om plassering og storleik, og bygningen skal vera tilpassa tradisjonelt bygningsmiljø på plassen. Bygningar bør lokalisert til område der det er bygningar frå før.
- Restaurering av bygg eller gjennoppføring av bygg skal vera i tråd med tradisjonell bygeskikk på den aktuelle stølen. Totalarealet på bygga bør vera etter tradisjonell storleik på den aktuelle stølen. Storleiken varierer frå 25 m<sup>2</sup> på dei minste stølhusa i tre, til 50 m<sup>2</sup> på dei største steinsela (Ålrekestølen/Vørringen).
- Når taket er borte på ein bygning, er det alltid å rekne som nybygg når bygningen skal restaurerast/setjast opp att.
- Dersom kulturminnestyresmaktene tilrår gjennoppføring av stølshus på gamle murar, bør stølshuset setjast opp i tråd med bygeskikken som er tradisjonen for området (jf. pkt. VI nr. 3). Stølsmiljøet bør tilleggjast stor vekt i vurderinga av saka. Dei privatrettslege forholda må vera avklara. Det bør ikkje setjast opp stølshus på gamle tufter som er automatisk freda kulturminne.
- Utedo er behandla som buer i Stølsheimen landskapsvernombord. Forvaltninga vil vurdera å gjeve løyve til oppføring av utedo der det ikkje er rom i eksisterande bygg til dette føremålet. Det bør berre gjevest løyve til ein felles utedo pr. støl når avstanden ikkje er for stor. Det kan setjast vilkår om utforming etter lokal bygeskikk, og plassering av bygget.

- Der det vert gjeve løyve til oppføring av naust, bør naustet vera felles for rettshavarane til det aktuelle vatnet/stølsområdet. Naustet bør vert nøktern og enkelt, og det bør tilpassast terrenget.
- Det er ikkje reglar for påbygg eller ombygging i verneforskrifta. Søknad om påbygg/ombygging må behandlast etter nml. § 48. Det må vurderast i kvart enkelt tilfelle om tiltaket er i strid med verneføremålet, og om tiltaket vil gje presedens for liknande saker. I vurderinga om det kan gjevast dispensasjon til ei mindre utviding, vil dokumentasjon av bygninga i rapporten frå Fylkeskonservatoren i Hordaland (Registreringsrapport nr. 5–1979) og Stølsrapporten (rapport nr. 4-2011 – Fylkesmannen i Sogn og Fjordane) verta lagt til grunn. Dersom det vert gjeve løyve til utviding av bygg, bør det ikkje opnast for meir enn ei utviding.
- I løyve til byggesaker vil det verta sett vilkår om at SNO kan føra tilsyn med arbeidet under byggeprosessen.

#### **Retningslinjer for søknader knytt til bygninga**

- Storleik og form på bygning
- Utvendig kledning og fargebruk
- Takvinkel, takutstikk og takmateriale
- Plassering og utforming av vindauge og dører
- Eksisterande bygningsmiljø, plassering med omsynt til eksisterande bygg og terreng
- Formål med tiltaket, og behovet for tiltaket

Dokumentasjon som skal vera med søknaden:

- Enkle planteikningar og fasadeteikningar
- Situasjonsplan (kart) med plassering av bygning i høve eksisterande bygningsmiljø
- Fotofrå eksisterande bygningsmiljø og landskap
- Gamle foto av stølsbygning ved gjennoppføring av gamle stølshus
- Kartfesting med kartutsnitt i maksimalt 1:50 000 eller UTM-koordinat ned til 10 m nøyaktigkeit.

## 6.8. Jakt og fiske

Regulering av jakt og fiske skjer i regi av grunneigarane i form av sal av fiskekort og jaktkort eller andre private avtalar. Det fleste områda er organisert i grunneigarlag. Jakt på hjort, elg og villrein vert organisert og styrt av jaktrettshavarane, gjennom jakt av rettshavarane og utleige av jakt.

Det har vore gjennomført kultivering av fleire vatn i Stølsheimen. Grunneigarlaga har ynskje om at det vert vidareført kultivering i vatn der det er trong for det for å få god kvalitet på fisken. Det bør gjennomførast ny registrering av fiskevatn, og ny pH-måling av vasskvalitet. Dette må gjennomførast i samråd med fylkeskommune, og etter faglege vurderingar. Utsetting av fisk må ha løyve etter lov om laksefisk og innlandsfisk. Til vanleg vert det ikkje gjeve løyve til å setja ut fisk i vatn som ikkje har fisk frå før.

### 6.8.1. Reglar

Reglar i verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde for jakt og fiske. pkt. V, 11 og pkt. VI 6.

Pkt. IV:

*1. Alle inngrep eller verksemd som vesentleg kan endre landskapets art eller karakter er forbode; så som oppføring av bygninger, anlegg og faste innretningar, fjerning eller inngrep i faste kulturminner frå nyare tid, så som bygningar, vregar, gamle kve m.m., framføring av luftleidningar, bygging av vregar, drenering, og anna form for tørрrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, bergverksdrift, vassdragsregulering, attlegging av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske middel, utslepp av konsentrerte forureiningstilførslar mv. Opplinga er ikke uttømmande.*

Pkt. V

*Reglane i pkt. IV er ikke til hinder for:*

*11. Jakt, fangst og fiske etter reglane i viltlova, innlandsfiskelova og saltvassfiskelova.*

Pkt. VI

*Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan på nærmere vilkår gje løyve til:*

*6. Naudsynt motorisert transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene, transport av materialar og utstyr i samband med bygging, transport i samband med jakt, og elles når andre særlege grunnar liggføre.*

Jakt, fangst og fiske kan utøvast etter reglane i viltlova, innlandsfiskelova og saltvassfiskelova, og etter løyve frå grunneigarar.

### 6.8.2. Retningslinjer

#### Retningslinjer for utøving av jakt og fiske i Stølsheimen landskapsvernområde.

- Forvaltning av jakt og fiske vert ikkje regulert av verneforskrifta.
- Området skal kunne nyttast til jakt og fiske i tråd med verneformålet (pkt. III).
- Kultiveringstiltaka må vera i samsvar med faglege tilrådingar etter gjennomførte undersøkingar av fiskevatna, og tilretteleggingstiltak må vera i samsvar med verneformålet.
- Kalking av fiskevatn må søkjast fylkesmannen eller fylkeskommunen om løyve til (Lov om laksefisk og innlandsfisk).

### 6.9. Friluftsliv

Tilrettelegging for friluftsliv bør medføre minst mogleg fysiske inngrep og motorisert transport. Landskapsvernombordet bør vera eit område der ein kan utøva enkelt og naturvennleg friluftsliv. I samsvar med norsk friluftstradisjon er det etter verneforskrifta fri ferdsl i landskapsvernombordet. Ein føresetnad er at ferdsla skjer *omsynsfullt og med tilbørleg varsemd* jr. friluftslova § 2. Friluftsliv er definert som «*opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøendring og naturoppleving*». Det vil sei at friluftsliv skal vera ein lite ressurskrevjande aktivitet i nær kontakt med naturen, med små krav til fysisk tilrettelegging og personleg utstyr. Enkle suppleringar og nye ruter skal berre etablerast etter nøyte avveging med andre naturinteresser. Landskapsvernombordet bør i større grad enn ikkje verna område vera eit område der ein kan vera fri for unødig motordur.



I Stølsheimen er det liten grad av tilrettelegging, som her på stølsvegen til Hanekamdalens. Foto: Nils Kvamme

Å kanalisera fotturistar gjennom natur av vekslande sårbarheit, kan by på store krav til tilrettelegging av turstiar. På fjellgrunn og fastmark er det sjeldan problem med slitasje, sjølv om stiane er godt synlege. Problemet kjem ved kryssing av myrområde. Det fyrste alternativet som må prøvast ut er om det er mogleg å leggja stien utanom, eller i ytterkant av myra. Dersom det er vanskeleg å leggja om stien, kan plankelegging eller steinlegging over dei aktuelle områda vera ei løysing. Nedlegginga av plank i myr kan føre til endring av dreneringsforholda og vassbalansen i myra. I Stølsheimen har ulike typar plankelegging vore prøvd ut over fleire år. Plankeløysing er eit naturinngrep som kan reverserast dersom det er aktuelt, men har avgrensa levetid. Bergen og Hordaland Turlag har lagt ned plank i dei våtaste partia på strekninga Steinslandsstølen – Solrenningshytta - Ålrekestølen/Vøvringen. I 2011 vart det i samarbeid med grunneigarane, Bergen og Hordaland Turlag og verneområdestyret, prøvd med steinlegging i staden for plank på deler av stien til Solrenningane. Dette har vore eit vellukka prosjekt som me ser kan vera eit godt alternativ til plank. Både plankelegging og steinlegging må avgrensast til det som er naudsynt slik at naturmiljøet vert i vareteke.

Det bør vurderast universal utforming på enkelte stiar i verneområdet og innfallsportane.

Sykling er definert som friluftsliv og kan utøvast i verneområdet. Det bør vurderast om det er område som er særleg sårbare for ferdsel med sykkel, og om det bør tilretteleggjast for eigne sykkelløyper. Det bør gjennomførast ein sårbarheitsanalyse for å få best mogleg vurdering av område. Dette arbeidet bør gjerast i samband med besøksstrategien.

I besøksstrategien bør det vurderast om nye former for friluftsliv, som t.d. kiting, kan vera til skade på verneverdiane.

### 6.9.1. Reglar

Reglar i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde som gjeld friluftsliv.

Pkt. IV:

*1. Alle inngrep eller verksemder som vesentlig kan endre landskapets art eller karakter er forbode; så som oppføring av bygninger, anlegg og faste innretninger, fjerning eller inngrep i faste kulturminner fra nyare tid, så som bygninger, vegar, gamle kve m.m., framføring av luftleidninger, bygging av vegar, drenering, og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, bergverksdrift, vassdragsregulering, attlegging av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske middel, utslepp av konsentrerte forureiningstilførslar mv. Opplinga er ikkje uttømmande.*

Pkt. V

*Reglane i pkt. IV er ikkje til hinder for:*

*9. Bærplukking og soppsanking.*

*10. Bruk av nedfalle virke og tørre eller friske kvistar til bål på staden. Tørre tre på rot må ikkje fellast.*

Pkt. VI

*Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan på nærmere vilkår gje løyvet til:*

*4. Oppføring, utviding eller ombygging av turisthytter for allmenn bruk.*

*5. Oppmerking av nye turistruter, bygging av klopper, oppsetting av vegvisar mv.*

## 6.9.2. Retningslinjer

### **Retningslinjer for tiltak knytt til friluftsliv i Stølsheimen landskapsvernområde.**

Tiltak med unntak direkte i verneforskrifta:

- Vedlikehald av eksisterande stiar, bruer, klopper, vardar, merking og skilt kan gjerast utan søknad (jf. pkt. V nr. 6), men skal fylgja desse retningslinjene:
  - ✓ Merking av sti skal skje på ein måte som er vanleg i området, som steinvarding, eventuelt med einerpåle eller anna naturmateriale. Det skal ikkje merkast med måling på fast fjell.
  - ✓ Det må ikkje gjerast skade på kulturminne når ein merkjer ruter. Det skal ikkje brukast måling eller setjast opp skilt og liknande på kulturminne som steingjerde, bygningar m.m.
  - ✓ Det skal takast omsyn til flora og fauna ved merking av stiar.
  - ✓ Bruer og klopper skal vedlikehaldast i samsvar med lokal, tradisjonell byggeskikk.
  - ✓ For å føra opp att bruer og klopper som er ramla ned, eller tatt av flaum eller skred, er det krav om løyve frå verneområdestyret før tiltaket kan setjast i verk.
- Det er ikkje forbod mot organisert ferdsel i området.
- Sykling er ikkje regulert i verneforskrifta, og vert regulert etter alminnelege reglar i friluftslova.

Tiltak som krev søknad:

- T-merking av nye stiar, omlegging av stiar, nye klopper og bruer, oppsetting av nye skilt eller anna informasjon krev løyve frå verneområdestyret (jf. pkt. VI nr. 5). Andre tiltak som å utbetra og sikra stien krev løyve frå verneområdestyret.
- Ved søknad om T-merking av nye stiar, bør grunneigarane kontaktast og kome med uttale før verneområdestyret behandler søknaden jf. § 35 i friluftslova (Tiltak og inngrepssløyve for å lette ferdsel i utmark).
- Det bør ikkje opnast for T-merking av nye stiar i område som ikkje er merkte før, og som er viktige beiteområde for husdyr, eller viktige villreinområde.
- Nye vardar kan etter løyve setjast opp på ruter der det har vore vardar historisk sett, og når det er naudsynt av omsynt til tryggleiken.
- Skilt som ikkje har med merking av stiar og løyper eller anna som har med tryggleiken å gjera, bør i hovudsak setjast opp utanfor vernegrensene, ved mykje nytta innfallsportar eller i tilknyting til eksisterande bygg, t.d. turlagshytter.
- Ved tilrettelegging av stiar og innfallsportar skal det skrivast avtale om kven som er tiltakshavar, kven som er ansvarleg for oppfylging og finansiering av tiltaket.
- Ved merking til eit arrangement skal det ikkje brukast måling. Merkeband eller merkepinnar kan brukast, og skal fjernast straks arrangementet er avslutta
- Kvisting av vinterløyper bør vurderast ut frå ferdsla i området og omsynet til naturmiljø, som leveområde for villrein. Verneområdestyret kan setja vilkår om å flytte kvisteruta, eller stoppe kvistinga av omsyn til villrein. Viser til vedlegg med kart over aktuelle kvista vinterruter.
- Kvistinga bør utførast i samarbeid med Røde Kors Hjelpekorps for at dei samstundes kan gje seg kjent i området.
- Merking om vinteren bør vera med kvist av vanleg lauvtre.
- Endringar eller utviding av turisthytter for allmenn bruk krev løyve frå verneområdestyret jf. pkt. VI nr. 4. Det vil ikkje verta opna for bygging av nye turisthytter utanom området som i dag er tilrettelagt med merkte stiar.

## 6.10. Reiseliv

Den viktigaste funksjonen Stølsheimen har for reiselivet, er at det er eit viktig nasjonalt turområde, slik at innfallsportane og bygdene omkring, saman med turlaga, kan få auka verdiskaping gjennom bruk av området.

Det er ei politisk målsetjing å auka bruken av verneområda til reiseliv. Den auka bruken skal gje grunnlag for sysselsetjing og verdiskaping i distrikta. Verdiskapingsprogrammet «Naturarven som verdiskaper» (2009 - 2013) som dåverande Miljødepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet samarbeidde om, viser korleis me kan utvikla naturopplevingar i samspel mellom næringsaktørar innan reiseliv, lokalsamfunn, forvaltningsmyndigheter og kunnskapsinstitusjonar.

Miljødirektoratet har utarbeidd ein rettleiar for verdiskaping med utgangspunkt i naturarven (M-380 – 2015). Der står det mellom anna: «*Når vi legger til rette for verdiskaping skal det også gi verdiskaping for lokalsamfunnet og ikke minst ivareta verdiene i naturen på langt sikt. Derfor er det hensiktsmessig å fokusere på flere former for verdiskaping og gjennom det sikre en berekraftig utvikling*».

Turopatørar omkring verneområda tilbyr blant anna ulike typar guida fotturar, skiturar og rideturar, og fleire av desse aktivitetane går føre seg innanfor vernegrensene. Utviklinga i reiselivsnæringa tyder på at det vil bli auka etterspurnad etter organiserte turopplegg med opplevings- og aktivitetstilbod. Det er viktig at auka bruk av verneområdet ikkje forringar verneverdiane, og ikkje fører til auka motorferdsel.

Verneområdestyret ynskjer at området skal kunne nyttast til reiseliv innanfor rammene for verneformålet. Det er viktig at alle reiselivsaktørane med tilknyting til Stølsheimen ser at det å ta vare på naturkvalitetane er ein føresetnad for berekraftig og framtidssettet reiseliv. Ved bruk av området er det viktig å formidla innhaldet i allemannsretten og det ansvaret kvar einskild har for å ta omsyn til naturmiljøet.

### 6.10.1. Reglar

Verneforskrifta inneheld ikkje reglar særskilt for reiselivet.

### 6.10.2. Retningslinjer

#### Retningslinjer for reiseliv i Stølsheimen landskapsvernombjørt.

- Reiselivstiltak som medfører større fysiske inngrep bør leggjast utanfor landskapsvernombjøret.
- Det vil ikkje verta gjeve løyve til aktivitetar som fører til auka motorferdsel.
- Mange av retningslinjene som er omtala under kapittel friluftsliv og motorferdsel gjeld og for reiselivet.
- For alle nye aktivitetar som kan påverka verneverdiane, vil det vere aktuelt med ein periode med utprøving og følgjande evaluering, før det vert vurdert å gje løyve for fleire år.

## 6.11. Forsking

Forsking kan gje verdifull kunnskap om naturen i Stølsheimen og om endringar som skjer. Det er likevel viktig at forsking ikkje skjer på ein slik måte at det reduserer verneverdiane eller uroar fugle- og dyrelivet. Både natur- og kulturlandskap i Stølsheimen er viktige referanseområde, og vil også vere

det i framtida.

### 6.11.1. Retningslinjer

#### **Retningslinjer for forsking i Stølsheimen landskapsvernområde.**

- Forsking og undervisning som vert lagt til verneområde skal ta omsyn til verneføremålet.
- Forskingsprosjekt som krev dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldlova bør utførast av instansar med relevant forskingskompetanse. Det er positivt med forsking som fremjar verneformålet, og aukar kunnskapen om naturen i landskapsvernområdet.
- Dersom forskingsprosjekt vil medføra motorferdsel eller inngrep, må dette vera naudsynt for at prosjektet kan gjennomførast, noko som må vurderast i kvart enkelt tilfelle. Samla sett må føremonene vega opp for ulempene.
- Forskings- og undervisningsopplegg som kan gjennomførast utanfor verneområdet, bør føregå utanfor. Det er positivt at folk vert kjent med Stølsheimen gjennom forsking og undervisning, så lenge det ikkje er til skade for verneverdiane.

### 6.12. Yrkesfiske og havbeiteverksemd

Då Finden og Finnafjorden vart ein del av Stølsheimen landskapsvernområde i 2005, kom det inn reglar om etablering av havbeiteverksemd utan faste installasjonar over vann, og etablering av havbruksanlegg i verneforskrifta. Det vart også opna for fortøyning av båtar til land og ferdslle på land i samband med bruk av landfeste under utøving av yrkesfiske i sjø. Finnafjorden vert brukt til yrkesfiske. For å vera yrkesfiskar, må verksemda vera registrert som næringsverksemd. Forvaltninga må her samarbeide med Fiskeridirektoratet og andre aktuelle instansar.

#### 6.12.1. Reglar

Reglar i verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde for yrkesfiske og havbeiteverksemd.

Pkt. IV:

*1. Alle inngrep eller verksemd som vesentleg kan endre landskapets art eller karakter er forbode; så som oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, fjerning eller inngrep i faste kulturminner frå nyare tid, så som bygningar, vegar, gamle kve m.m., framføring av luftleidningar, bygging av vegar, drenering, og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, bergverksdrift, vassdragsregulering, attlegging av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske middel, utslepp av konsentrerte forureiningstilførslar mv. Opplistinga er ikkje uttømmande.*

Pkt. V

*Reglane i pkt. IV er ikke til hinder for:*

- 16. Fortøyning av båtar til land og ferdslle på land i samband med bruk av landfester under utøving av yrkesfiske i sjø.*
- 17. Havbeiteverksemd utan faste installasjonar over vann i medhald av lov om havbeite.*

Pkt. VI

*Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan på nærmare vilkår gje løyve til:*

- 10. Etablering av havbruksanlegg utan installasjonar på land og utan særleg synlege anlegg på sjøoverflata.*

## 6.12.2. Retningslinjer

### **Retningslinjer for yrkesfiske og havbeiteverksemd i Stølsheimen landskapsvernområde.**

- Verneområdestyret kan på nærmere vilkår gje løyve til etablering av havbruksanlegg utan installasjoner på land og utan synlege anlegg på sjøoverflata, dvs. anlegg som er senka under sjøoverflata, og med fortøyning på land.
- Nye inngrep, t.d. fortøyingsboltar må haløyve.

## 6.13. Bygningar og inngrep knytt til vasskraft, bergverk, el.-forsyning og vegar

I Stølsheimen landskapsvernområde er det bygningar og anlegg i samband med vasskraft og el-forsyning og telenettstasjonar. Vasskraftutbygging har i stor grad prega landskapet kring og til dels innanfor landskapsvernområdet. Dei inngrepa som tidlegare er utført i randsonene og ved enkelte høve inne i verneområde, skal ikkje setje standard for kva ein skal godta av nye inngrep i landskapsvernområdet. Nye tiltak innanfor vasskraft, bergverk og el-forsyning er i utgangspunktet i strid med verneformålet og skal med unntak av det som er nemnt i dei spesifiserte reglane under pkt. V og VI, handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova, etter punktet om at omsynet til vesentlege (dvs. nasjonale) samfunnsinteresser gjer det naudsynt. I reglane pkt. V, 13 og 14 er det gjeve unntak for underjordisk prøvedrift etter talk, men dette er lite aktuelt i dag. Vasskraftutbygging jf. pkt. V, 15 er gjennomført, med unntak av bekkeinntak i Stordalen. Det er unntak i verneforskrifta for gjennomføring av desse tiltaka.

Veg langs Sognefjorden og over Finnafjorden i samband med eit eventuelt vegprosjekt Arnafjord - Ortnevik (verneforskrifta pkt. VI, 8) er pr. dags dato ikkje aktuelt. Kystverket har ikkje signalisert at det er aktuelt med nye anlegg, men det må vurderast om dei kjem med nye framlegg.

## 6.13.1. Reglar

Reglar i verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde knytt til vasskraft, bergverk, el-forsyning og vegar.

Pkt. IV:

*1. Alle inngrep eller verksemder som vesentleg kan endre landskapets art eller karakter er forbode; så som oppføring av bygninger, anlegg og faste innretninger, fjerning eller inngrep i faste kulturminner fra nyare tid, så som bygninger, vegar, gamle kve m.m., framføring av luftleidningar, bygging av vegar, drenering, og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, bergverksdrift, vassdragsregulering, attlegging av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske middel, utslepp av konsentrerte forureiningstilførslar mv. Opplistinga er ikkje uttømmande.*

Pkt. V

*Reglane i pkt. IV er ikkje til hinder for:*

- 6. Vanleg vedlikehald av eksisterande anlegg, merka turiststigar, vegar, kraft- og telefonliner og vanleg vedlikehald av bygningar med tradisjonelle materialar.*
- 13. Underjordisk prøvedrift etter talk i medhald av konsesjon gjeve av Landbruksdepartementet 29. oktober 1985. Bygging av vegfrå Kvilesteinsvatnet til Raudbergdalen og bygging av oppstillingsplass utanfor tunnelopninga i samband med prøvedrifta. Arbeidet skal planleggjast og utøvast i samråd med forvalningsstyresmakta.*
- 14. Underjordisk bergverksdrift frå tunnelopning utanfor verneområdet i samband med uttak av talk. Luftekanaalar og eventuelt andre synlege inngrep innanfor landskapsvernombordet skal utformast i samråd med forvalningsstyresmakta.*
- 15. Gjennomføring av dei to kategori I-prosjekta i Samla plan som gjeld overføring frå øvre del av Tuledalen til Åsebotn kraftverk i Modalvassdraget og bekkeinntak i Stordalen (alt. V2 i Ortnevikvassdraget) i samband med utbygging av Østerbø/Mjølvik i samsvar med Stortingets sitt vedtak.*

Pkt. VI

*Forvalningsstyresmakta, eller den forvalningsstyresmakta gjev fullmakt, kan på nærmere vilkår gje løyve til:*

- 7. Enkle anlegg på overflata i samband med underjordisk prøvedrift etter talk, sjå pkt. V nr 13.*
- 8. Opparbeiding av veg langs Sognefjorden og over Finnafjorden i samband med eit eventuelt vegprosjekt Arnafjord Ortnevik.*
- 9. Oppføring av nye anlegg og tilbygg til eksisterande anlegg for Kystverket.*

### 6.13.2. Retningslinjer

#### Retningslinjer for vasskraft, bergverk, el-forsyning og vegar i Stølsheimen landskapsvernombordet.

- Vanleg vedlikehaldsarbeid på anlegg gjev ikkje løyve til transport i samband med arbeidet. Det må søkjast til verneområdestyret om dispensasjon frå verneforskrifta for motorferdsel (sjå kap. om motorferdsel.)
- Det må søkjast om dispensasjon for arbeid utover vanleg vedlikehald av kraftlinjer og telefonlinjer.
- Alt anleggsarbeid skal ryddast opp etter avslutta anlegg. Prosjekteigar er økonomisk ansvarleg for opprydding jf. naturmangfaldlova § 11. Forvaltinga bør godkjenna sluttføring av anleggsarbeidet ved å gjennomføra synfaring på anlegget saman med utbyggjar.
- Motorferdsle i samband med drift og vedlikehald av anlegg bør haldast på eit så lågt nivå som mogleg. Dersom det ligg til rette for det, bør den motoriserte ferdsela samordnast med andre brukarariområdet.
- Nye tiltak og anlegg innanfor vasskraft, bergverk og el-kommunikasjon bør ikkje skje.

## 6.14. Motorisert ferdsel

I Stølsheimen er det eit mål å halda omfanget av motorferdsel lågt. I utgangspunktet er det forbod mot all motorferdsle og landing med luftfartøy i Stølsheimen landskapsverneområde. Det er gjeve opning for motorferdsel til formål som er vurdert som naudsynt. Motorferdsle fører til uro og støy som kan uroa dyreliv og redusera opplevingsverdien i området. Spesielt er det viktig å verna om villreinen i området. Motorferdsel i Stølsheimen, med det omfanget det har i dag, er ikkje eit stort problem. Det er likevel viktig å fortsetja ein streng praksis i vurdering av løyve, og fylgja med i utviklinga og den samla belastninga på området. Bruk av helikopter kan i mange tilfelle vera den mest skånsame transportmetoden av omsyn til natur- og miljøverdiane.

All motorferdsle skal skje aktsamt for å unngå skade og blempe for naturmiljø og menneske jf. lov om motorferdsel i utmark og vassdrag §8.

### 6.14.1. Reglar

Reglar i verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernombordet for motorferdsel.

Pkt. IV

*For landskapsvernombordet gjeld følgjande reglar:*

4. Motorferdsle på land og innsjøar, og landing med luftfartøy er forbode.

Pkt. V

*Reglane i pkt. IV er ikkje til hinder for:*

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd, og tiltak i ambulanse-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningssamanhang.
2. Motorferdsle i samband med naudsynt transport i jord- og skogbruksverksemd.
3. Bruk av motorbåt på Finnafjorden.
4. Bruk av helikopter til vedlikehald av Televerkets reflektorpunkt på Rotteskardet.
5. Naudsynt transport til turisthytter med beltekøyretøy på vinterføre.

Pkt. VI

*Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan på nærmare vilkår gje løyve til:*

6. Naudsynt motorisert transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene, transport av materialar og utstyr i samband med bygging, transport i samband med jakt, og elles når andre særlege grunnar ligg føre.

### 6.14.2. Retningslinjer

#### Motorferdsle i samband med operativ verksemd

Gjennomføring av militær operativ verksemd, tiltak i ambulanse-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningssamanhang jf. pkt. V, 1 er aktivitet som kan gjennomførast utan særskilt løyve etter verneforskrifta. Dette er ei standardformulering som vart nytta for verneområda

tidlegare. Sjølv om ikkje ordet *motorferdsle*- er nemnt, så gjeld denne føresegna motorisert ferdsel. Reglane i verneforskrifta er ikkje til hinder for denne aktiviteten verken på snøføre eller barmark. I sikringssamanheng meiner me naudtiltak i høve snøskred, flaum og liknande.

#### Motorferdsle i samband med jord- og skogbruksverksemd.

Jord- og skogbruksdrift er ynskjeleg ut frå eit ynskje om å halda kulturlandskapet vedlike. Verneforskrifta opnar difor for motorferdsel som er naudsynt for å halda fram med denne aktiviteten, men skil mellom motorferdsel i landbruksnæring og motorferdsel i fritidssamanheng. Dette punktet i verneforskrifta er i samsvar med Lov om motorferdsel i utmark, og den forståinga av jord- og skogbruksnæring som er gjeve der. Stølshus i denne samanheng er bygningar som er i bruk til jord- og/eller skogbruksføremål. Det vil sei at det må vera reell og aktiv næringsverksemde. Naudsynt transport til bruk i jord- og skogbrukssamanheng kan vera frakt av saltsteinar, gjerdestaur, proviant og brensel, materiale til enkelt vedlikehald og ved- og tømmerhogst.

Det er ikkje krav om løyve på førehand for naudsynt motorferdsle i samband med husdyr i «skårfeiste», sjuke/skadde husdyr i medhald av lov om dyrevern i verneområda, jf. at dette må reknast som naudsynt transport i jord- og skogbruksverksemde. Motorferdsel i samband med skjøtsel av kulturlandskap kjem ikkje under punktet naudsynt transport, og må søkjast om løyve til.

Det har vore god praksis i Stølsheimen om samkøyring til fleire formål i same transporten. Myrdalen grunneigarlag har vore eit godt døme på det, der dei har hatt felles dag for transport av proviant, utsyr og materiale til vedlikehald med snøscooter til stølane i Sendedalen og Grøndalen.

#### Naudsynt transport til turisthytter

Turistforeininga har trond for transport av utstyr til turisthyttene, kvisting av skiløyper og vedlikehald av bruer, klopper og stiar. Naudsynt transport til turisthytter på vinterføre er ikkje søknadspliktig etter verneforskrifta. Voss Utferdsdag har nytta seg av løyve til transport på vinterføre til Torvedalen. Det er Røde Kors Hjelpekorps som har utført transporten.

Bergen og Hordaland Turlag har i hovudsak søkt og fått løyve til helikoptertransport til turisthyttene sine i Stølsheimen, jf. pkt. VI, 6. Dei gjennomfører all transport på ein dag tidleg på sommaren, med inntil 20 landingar til saman ved hyttene. Bergen og Hordaland Turlag har gode rutinar for samordning av anna naudsynt transport i samband med helikoptertransport til turisthyttene. Samkøyring avgrensar transporten til kortast mogleg tidsrom, og samtidig kan det gje innsparing på transportkostnader.

#### Motortransport til stølshus som fritidshus, og hytter

Mange av stølshusa vert ikkje brukt i landbruksnæring, men som fritidshus. Det er trond for transport av materiale og utstyr i samband med bygging og vedlikehald av både stølshus og fritidshus. Transport til dette føremålet er søknadspliktig.

#### Øvings- og kjentmannskøyring Røde Kors hjelpekorps, politi og brannvern, og køyring i samband med tilsyn og vedlikehald av kritisk infrastruktur for redningstenesta.

All øvingskøyring som kan leggjast utanfor verneområdet, skal leggjast utanfor verneområdet. Det kan verta gjeve løyve som er avgrensa til naudsynt øving for å gjera seg kjent i verneområdet. Som grunnlag for søknaden om løyve til kjentmannskøyring, skal hjelpekorpsa ha utarbeid ein øvingsplan som er godkjent av lokal redningssentral v/politimeisteren, jf. rundskriv om redningstenestenes bruk av

snøscooter 31.01.2013 MD. Løyvet skal handsamast etter den generelle dispensasjonsregelen i naturmangfaldlova § 48. Friluftsliv er eit av føremåla i verneforskrifta. Førebyggjande redningsteneste er viktig for friluftsutøvinga for ålmenta. Det kan gjevast løyve som gjeld for inntil 5 år. Godkjend øvingsplan ligg som vedlegg til forvaltningsplan.

Køyring i samband med kritisk infrastruktur som sambandsstasjonar og rele-stasjonar og liknande bør inngå i øvingsplan. I dei område dette ikkje inngår i plan, må det søkjast om dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48, og det må i tillegg søkjast løyve frå kommunen jf. forskrift om motorkøyretøy i utmark, og løyve frå grunneigar.

#### Motorferdsle i samband med uttransport av jakutbytte og transport i samband med fiskekultivering

Det vil normalt ikkje verta gjeve løyve til motortransport til jakt- og fiskeføremål, men forvaltningsmyndigheita kan etter søknad gje løyve når det er særlege grunnar jf. pkt. VI nr. 6. Særlege grunnar kan vera prøvefiske og kultiveringstiltak i fiskevatn. Jakt vert definert som aktivitet innan friluftsliv, og som pr. definisjon er umotorisert. Jaktutbytte skal som hovudregel alltid fraktast ut utan bruk av motorisert transport. Bruk av helikopter eller anna transportmiddel for uttransport av jakutbytte vil ha ein særskilt høg terskel, og vil berre unntaksvis verta gjeve. Dersom det vert gjeve løyve til transporten, skal det setjast vilkår om tal turar og tidspunkt for motorferdsela. Løyvet kan ikkje nyttast før etter at dyret er felt. Det er ikkje søkt om eller gjeve slike løyve i Stølsheimen til no. Uttransport på barmark med t.d. ATV vil ikkje vera aktuelt då det vil gje sporskadar i terrenget og på vegetasjonen.

#### Bruk av motorbåt på Finnafjorden

Verneforskrifta gjev ingen restriksjonar for motorferdsel på Finnafjorden, eller for å gå til land eller kai. For motorferdsel på fjorden gjeld dei lover og forskrifter som styrer denne aktiviteten, mellom anna lov om hamner og farvatn og tilhøyrande forskrifter om fartsavgrensing i sjø.

#### Motorferdsel i samband med vedlikehald og tilsyn med vegar og reguleringsanlegg.

Kraftselskapa har trong for bruk av motorkøyretøy innanfor verneområdet i samband med tilsyn og vedlikehald av anlegga. I løyve til vedlikehald av anlegga ligg ikkje løyve til motorisert ferdsl. Kraftselskapa må difor søkja om løyve til bruk av snøskuter og landing med helikopter i verneområdet. Overflyging for å inspisera anlegga utan landing, krev ikkje løyve. Kraftselskapa som har installasjonar innanfor verneområdet i dag er BKK, Sognekraft og Statnett. Det har vore gjeve fleirårige løyve til kraftselskapa. Det vil vera naturleg å fortsetja å gje fleirårige dispensasjonar.

I verneforskrifta er det ein eigen regel som gjev løyve til bruk av helikopter til vedlikehald av Televerkets reflektorpunkt i Rotteskardet, jf. pkt. V nr. 4.

#### Motorferdsel i samband med arrangement og oppkøyrd skiløyper

Det er kome spørsmål om transport i samband med tur- og idretts-arrangement. Som hovudregel vert det ikkje gjeve løyve til motorferdsel i samband med arrangement. I verneforskrifta er det ikkje opning for å tilretteleggja med oppkøyrd skiløyper i verneområdet.

## **Generelle retningslinjer for motorferdsel**

- Det bør vera maks utnytting av lastekapasitet tilpassa køyretilhøva for å redusera talet på turar, og det bør gjerast ei streng vurdering av trangen for motortransport, men samtidig ta omsyn til at området skal nyttast.
- Landing omfattar òg situasjonar der ein direkte frå bakken – utan å setje helikopteret ned - kan utføra dei same laste- og losseoperasjonar som ved bakkelanding.
- Det er forbod mot motorisert persontransport i verneområdet. Dette gjeld også landing med luftfartøy for transport av personar. Det vert rekna som landing når ein kan gå ut av helikopteret, sjølv om ikkje helikopteret er fysisk på bakken.
- I tida 10.04 – 01.07 bør det ikkje gjevast løyve til motorferdsel i eller nær kjende kalvingsområde dersom det er kunnskap om at villreinen er i området.
- Motorferdsel bør så langt det er mogleg, finne stad på kvardagar, noko som vil inngå som eit vanleg vilkår ved løyve.
- Løyve til motorferdsel for media (t.d. fotografar og journalistar), vil normalt ikkje verta gjeve. Unntak kan gjerast dersom aktiviteten kan medverke til å fremje verneformålet.
- Motorferdsle i samband med skjøtsels- og forvaltningsarbeid må vera tiltak som vert utført av forvaltinga eller etter løyve frå verneområdestyret. Overvaking av villrein i regi av forvaltinga er vurdert som forvaltningsarbeid. Oppsynsomgrep i forskrifta gjeld oppsyn med verneføreseggnene, og anna oppsyn etablert med heimle i lov, som t.d. kontroll av hundelov, viltlov, lov om motorferdsle.
- Alle som utfører transport, anten i medhald av vernereglane eller som dispensasjonar, skal sjå til at transporten vert avgrensa til det som er naudsynt. Om mogleg bør transporten samordnast med andre brukarar som har aktivitet i same område, i tråd med gjeldande praksis.
- Verneområdestyret kan vurdera å gje løyve til bruk av motorbåt i samband med naudsynt transport når dette er det mest miljømessige transportmiddelet, t.d. frakt av materiale til stølane i nærområdet.
- Der transporten er årleg og dekkjer eit fast nyttebehov, kan det gjevast fleirårige løyve i inntil 5 år. Aktuelle brukarar av slike løyve kan vera grunneigarar, kraftlag og turlag med hyttedrift. Vilkåra vil mellom anna vera at etter kvar sesong skal løyvehavar senda rapport til verneområdestyret om tal turar/landingar.
- Verneområdestyret kan gje vilkår til løyvet for å redusera ulempene for verneverdiane. Løyvehavar skal varsle SNO om planlagt køyring seinast dagen før køyringa skal føregå.
- Løyvehavar skal rapportera nærmare om kva køyring som skjer ved å fylla ut køyrebook før køyringa startar. Køyrebooka skal fylge med i køyretøyet under transport.
- Både den som søker og den som utfører transportoppdraget har ansvar for at det føreligg godkjent løyve til motorferdsel.
- Løyvehavar skal senda rapport til forvaltinga etter avslutta køyring. Rapport skal sendast sjølv om løyvet ikkje har vore nytta.

## **Søknad motorferdsle**

All motorferdsle i utmark og landingsløyve med luftfartøy krev løyve frå verneområdestyret, og i tillegg frå kommunen og grunneigar, der løyve ikkje er direkte heimla i lov om motorferdsle. Søknad må difor sendast både til verneområdestyre og den aktuelle kommunen. Verneområdestyret handsamar søknaden først, og sender kopi av vedtak til den aktuelle kommunen og SNO, samstundes som vedtaket vert sendt til søker. Søkjar pliktar å innhenta samtykke frå grunneigar til køyring og landing jf. lov om motorferdsel i utmark.

Løyve gjeve av kommunen eller verneområdestyret innskrenkar ikkje grunneigaren sin rett til å nekte eller avgrensa motorferdsle på sin eide.

Søknad om løyve til motorferdsle og landing med helikopter skal vera skriftleg. Retningslinjer for søknad ligg på heimesida til verneområdestyret <http://www.nasjonalparkstyre.no/stolsheimen>. Det må leggjast ved kart som viser køyretrase/landingsplass. Søknaden må sendast i god tid før planlagt transport, slik at verneområdeforvaltninga får rimeleg tid til å handsama søknaden.

## 6.15. Ureining, avfall og støy

Alle har ei generell plikt til å unngå forsøpling og ureining, jf. ureiningslova. I verneforskrifta er dette ytterlegare presisert i pkt. IV, 1, som har forbod om «attlegging av avfall». Det er ikkje krav i verneforskrifta om at avfallet skal takast med ut av området, men blant turgåurar er det ein uskriven regel at ein tek med seg avfall ein sjølv ber med seg til fjells. Dette bør informerast om på alle informasjonstavler.

Turlaga har innført kjeldesortering på turisthyttene. Alle hyttene som er tilgjengeleg for ålmenta bør leggja til rette for kjeldesortering. Turistforeiningane arbeider kontinuerleg med minimalisering av emballasje på proviant.

I tilknyting til hyttene og stølane som er mykje brukte, vil det verta ein del avfall. I fylgje verneforskrifta er det lov med forsvarleg nedgraving og brenning av avfall ved dei faste overnattingsplassane. Ved forsvarleg brenning må ikkje brenninga føra til ureining av miljøet, jf. ureiningslova § 7 om plikt til å unngå ureining. Avfall som er vurdert som forsvarleg å brenna er ubehandla trevirke. Avfall som kan vera forsvarleg å grava ned, er reine naturmateriale. Verneområdestyret vil rå frå at avfall vert grave ned. Det vert oppmoda om å halda avfallsmengda på eit minimum For å få ei forsvarleg handtering av avfall, bør alt avfall kjeldesorterast og fraktast ut av verneområdet med returtransport med helikopter eller snøskuter i samband med transport til hyttene og stølane.

Ureiningslova gjeld i tillegg til verneforskrifta. Kommunane Voss, Vik og Vaksdal har eigne forskrifter om brenning av avfall. I desse kommunane er det forbod mot brenning av avfall.

Det er auka spørsmål om bruk av drone i området. Drone er ikkje definert som motorferdsel, og reglane om forbod mot motorferdsel i verneområdet omfattar difor ikkje bruk av dronar. I verneforskrifta er det ikkje eigne reglar for støy. Bruk av drone må likevel utførast slik at det ikkje fører til skade på naturen jf. naturmangfaldlova § 6, og aktiviteten må ikkje vera til sjenanse for folk som bur eller ferdast i området.

### 6.15.1. Reglar

Reglar i verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde for forureining.

#### Pkt. IV

1. Alle inngrep eller verksemder som vesentleg kan endre landskapets art eller karakter er forbode; så som oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, fjerning eller inngrep i faste kulturminner frå nyare tid, så som bygningar, vegar, gamle kver m.m., framføring av luftleidningar, bygging av vegar, drenering, og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, bergverksdrift, vassdragsregulering, attlegging av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske middel, utslepp av konsentrerte forureiningstilførslar mv. Opplistinga er ikke uttømmande.

#### Pkt. V

*Reglane i pkt. IV er ikkje til hinder for:*

*12. Forsvarleg nedgraving/brenning av avfall ved dei faste overnattingsplassane.*

## 6.15.2. Retningslinjer

### **Retningslinjer for handtering av avfall i Stølsheimen landskapsvernområde.**

- All slags ureining og forsøpling av vassdrag og naturen elles er forbode i verneområda. Bruk av kjemiske midlar og utslepp som kan forureine og påverke naturmiljøet er forbode jf. pkt. IV nr. 1.
- I reglane til verneforskrifta er det lov med forsvarleg nedgraving av avfall ved dei faste overnattingsplassane jf. pkt. V, 12. Forvaltninga vil likevel ikkje tilrå å grava ned avfall, jf. ureiningslova § 7 om plikt til å unngå ureining.
- Alt avfall bør vera med i returtransport frå turisthyttene og stølane i samband med transport av proviant. Ved eventuell brenning av avfall er det berre ubehandla trevirke som vert vurdert som forsvarleg å brenna. Kommunane Vik og Voss har eigne forskrifter om brenning av avfall. I desse kommunane gjeld dei kommunale forskriftene om brenning av avfall.
- Det vil ikkje vere aktuelt å etablere ordningar med søppeltømmingsstader inne i verneområda. Det har vist seg at slike tiltak fører til opphoping av søppel. Der slike er etablert, bør dei fjernast. Regelen må vere at dei som besøker områda sjølv tek med søppelet ut att.
- Ved anleggsområde bør området ryddast for søppel før anleggsperioden er avslutta.
- Gamle materialrestar og anna avfall i samband med tilrettelegging med klopper og bruer skal transporterast ut av området og takast hand om på ein forsvarleg måte av tiltakshavar.
- Tiltak i området bør ha plan for opprydding og avfallshandtering.

## 6.16. Sakshandsaming

### 6.16.1. Forvaltningsstyresmakt — lokal forvaltning

Stølsheimen verneområdestyre har forvaltningsansvaret for Stølsheimen landskapsvernområde.

Forvaltning av Stølsheimen landskapsvernområde involverer følgjande styresmakter:

**Klima- og miljødepartementet (KLD)** er øvste styresmakt for miljøforvaltninga i Norge.

Departementet er ansvarleg for gjennomføring av miljøvernpolitikken som Stortinget har vedteke. KLD er overordna styresmakt for forvaltninga av område verna etter naturmangfaldlova (inkl. tidlegare naturvernlova).

**Miljødirektoratet** er øvste fagstyresmakt for naturvernsaker i Norge. Dei har hovudansvar for forvaltning av område verna etter naturmangfaldlova (inkl. naturvernlova og viltlova).

Miljødirektoratet er klageinstans for vedtak som vert fatta av verneområdestyret.

**Stølsheimen verneområdestyre** skal sørge for ei heilskapleg og kontinuerleg forvaltning på tvers av administrative grenser og innanfor ramma av naturmangfaldlova og verneforskrifta for det einskilde verneområdet. Forvaltning av verneområda krev samhandling mellom mange aktørar. Det skal difor oppnemnast eit fagleg rådgjevande utval som representerer ulike brukarinteresser i områda (for medlemmer i fagleg rådgjevande utval pr. 2016, sjå vedlegg). Styret kan opprette eit mindre arbeidsutval. Vedtak som blir gjort av arbeidsutvalet må skje innanfor ramma av overordna prinsipp fastlagd av heile styret og som ligg innanfor ramma av naturmangfaldlova og gjeldande verneforskrifter.

Det er tilsett ein verneområdeforvaltarar som utgjer sekretariatet for verneområdestyret.

Forvaltar er tilsett hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Kontorplass er i Aurland.

**Fylkesmannen (FM)** hadde ansvar for verneplanen for Stølsheimen ved opprettig gjennom Kronprinsregenten sin resolusjon i 1990, og har tradisjonelt vore forvaltningsstyremakt for større verneområde fram til ordninga med lokale verneområdestyre vart oppretta i 2011. FM har klagerett på vedtak fatta etter naturmangfaldlova, jf. § 62, og vil dermed også ha klagerett på vedtak som vert fatta av verneområdestyret.

### 6.16.2. Generelle retningslinjer for sakshandsaming

1. Retningsliner for handsaming av saker som gjeld dei ulike brukarinteressene er presentert i eigne kapittel under kapittel 6. Punkta nedanfor viser dei generelle retningslinene for all sakshandsaming som omhandlar Stølsheimen. Alle søknader om tiltak som krev løyve / dispensasjon etter verneforskrift skal sendast forvaltningsstyremakta, dvs. Stølsheimen verneområdestyre. Postadresse: Njøsavegen 2, 6963 Leikanger, eller på e-post [fmsfpost@fylkesmannen.no](mailto:fmsfpost@fylkesmannen.no).
2. Alle søknader skal grunngjevast. Jamfør reglane i forvaltningslova og naturmangfaldlova §§ 7 og 48.
3. Normalt vil verneforskrifta ha strengare reglar enn det som gjeld etter anna lovverk. Søknader vert som hovudregel først vurderte etter verneforskrifta før dei eventuelt vert vurderte etter anna lovverk. Avslag etter verneforskrifta kan ikkje overstyrast av anna lovverk. (jf. nml § 48 3. ledd)
4. Det er viktig at ein i all sakshandsaming gjer ei samla vurdering i forhold til verknaden av tiltaket på alle typar verneverdiar og forholdet til andre brukarinteresser. Sjå i tillegg kap. 3 om vurdering av tiltak etter naturmangfaldlova §§ 8-12.
5. Forvaltningsstyremakta kan normalt gå langt i å setje vilkår som avgrensar skadeverknader av ein dispensasjon. Vilkåra må setjast ut frå ei totalvurdering av saka. Det er krav om at vilkår som blir sett, har ein sakleg samanheng med det løyvet gjeld. Dersom eit vilkår er eigna til å motverke moglege skadeverknader av eit vedtak, vil det normalt alltid føreliggja tilstrekkeleg sakleg samanheng.
6. Verneområdestyret kan delegera vedtaksmynde til forvaltarar i saker av kurant karakter. Dette er saker om motorferdsel etter verneforskrifta pkt. VI nr. 6 og kurante saker etter andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskrifta og etter naturmangfaldlova § 48.
7. Ved brot på vilkår i eit løyve skal forvaltningsstyremakta vurdere om saka skal meldast, og om det skal setjast i verk retting eller avbøtande tiltak jf. nml. § 69.
8. Statens naturoppsyn er ansvarleg for vurdering av og melding til politiet ved brot på løyve / vilkår og verneforskrift. Forvaltningsstyremakta har i tillegg eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at alle brot på reglane i verneforskrifta som forvaltningsstyremakta får kjennskap til vert rapporterte /melde til politiet.
9. Følgjande instansar skal ha kopi av alle vedtak: Kommunar vedtaket gjeld, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen i Hordaland og fagleg rådgjevande utval. Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd skal ha kopi av vedtak i saker som kan påverka villreinen. Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune skal ha kopi av saker som gjeld kulturminne og (støls-) bygningar/stølsmiljø. I saker der grunneigar er involvert eller det er naturleg, skal også grunneigarar ha kopi. Andre instansar får kopi når det er relevant.
10. I saker som omhandlar kulturminne, stølsmiljø og bygningar skal Sogn og Fjordane fylkeskommune / Hordaland fylkeskommune involverast.  
Vedtak etter verneforskrifta er enkeltvedtak og kan klagast på av ein part eller annan med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Kven som er part eller som har rettsleg klageinteresse må vurderast i den einskilde saka. Fristen for å klage er 3 veker frå det tidspunktet vedtaket er kome fram til vedkommande part, frå den dagen underretning vart offentleg kunngjort eller frå det tidspunkt ein burde ha fått eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket, jf. forvaltningslova § 29.

11. Miljødirektoratet er klageinstans for vedtak fatta av verneområdestyret. Klage på vedtak skal sendast til Stølsheimen verneområdestyre, Njøsav. 2, 6963 Leikanger, eller på [e-post: fmsfpost@fylkesmannen.no](mailto:fmsfpost@fylkesmannen.no). Styret vurderer om dei tek klagen til følgje. Dersom dei ikkje tek klagen til følgje/gjer om vedtaket, vert klagen sendt til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet sitt vedtak kan ikkje pålagast.
12. Frå 01.04.14 skal alle vedtak fatta av verneområdestyret leggjast inn i Miljøvedtaksregisteret, Miljøvedtaksregisteret er offentleg og tilgjengeleg på internett.

Det er viktig å gjera merksam på at når det vert gjeve løyve etter verneforskrifta, gjeld krav om løyve etter anna lovverk i tillegg. Søknader skal handsamast etter dei lovverka det gjeld. Det vil sei at det må sendast søknad til fleire instansar enn verneområdestyret. I saker der søknader skal handsamast etter fleire lovverk (motorferdsel, byggjesaker), vil forvaltar til vanleg ha kontakt med sakshandsamar i kommunen.

Søknader som treng løyve frå fleire lovverk og instansar, vil til vanleg bli handsama etter det strengaste lovverket først. Til vanleg er det naturmangfaldlova og verneforskrifta, ikkje plan- og bygningslova eller lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Vurderinga kan likevel bli strengare etter andre lovverk, t.d. kan kommunane setje strengare vilkår eller avslå når dei handsamar ei sak etter plan- og bygningslova eller lov om motorferdsel i utmark og vassdrag, etter at ho har vore handsama av verneområdestyret.

#### **6.16.3. Anna lovverk som gjeld innanfor verneområdet**

Kommunane har forvaltningsmynde etter plan- og bygningslova og lovverk som regulerer vilt- og innlandsfiske, forureining, brannvern, motorferdsle i utmark, landbruk med vidare. Når ulike lover kjem i innbyrdes strid med kvarandre kan det i nokre tilfelle oppstå tvil om kva lov som går føre. Naturmangfaldlova er ei særlov, som innanfor område som blir verna etter lova i hovudsak går framfor plan- og bygningslova, landbrukslovgjevinga, friluftslova og motorferdslelova.

#### **6.16.4. Relevante arealplanar**

Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde er under arbeid. Målet er å få ein god forvaltning av villrein i Fjellheimen.

#### **6.16.5. Kommunale planar**

##### Voss kommune

Kommunedelplan for Myrdalen grensar inn til Stølsheimen landskapsvernombordet. Deler av området er regulert til hyttebygging og idrettsanlegg.

##### Vik kommune

Vik kommune har i 2013 utarbeid ein fagrappo «Kjerneområde landbruk i Vik kommune», der kulturlandskapet er ein del av rapporten. Innanfor landskapsvernombordet har stølane Vatnane, Hallsetdalen, Ålrekestølen og Sylvarnesdalen fått status «kjerneområde landbruk - kulturlandskap».

I kommuneplanen for Vik er det godkjent omsynssone friluftsliv, natur og kulturlandskap i Skjelingen, og opna for fortetting av eksisterande hyttefelt. Skjelingen grensar til Stølsheimen landskapsvernombordet.

## 6.17. Oppsyn

Det er oppretta ei stilling i Statens naturoppsyn (SNO) med ansvar for verneområda Stølsheimen og Nærøyfjorden. I tillegg vert det vert kjøpt inn tenester til skjøtsel, kontroll og tilsyn i Stølsheimen landskapsvernområde. SNO har kontorstad i Aurland saman med forvaltar i forvaltningsknutepunktet. SNO har det overordna ansvaret for oppsynet i området.

Lov om statleg naturoppsyn heimlar eit heilskapleg naturoppsyn innanfor særlovene naturmangfaldlova, friluftslova, viltlova, lakse- og innlandsfiskelova, småbåtlova, motorferdslelova, kulturminnelova og delar av forureiningslova. SNO sine viktigaste oppgåver er:

- å ivareta nasjonale miljømål
- kontroll i høve til lover, forskrifter og anna regelverk
- førebyggje miljøkriminalitet
- rettleiing og informasjon
- praktiske skjøtselsoppgåver av ulik art på oppdrag frå forvaltingsmynde
- registrering og dokumentasjon på oppdrag frå forvaltningsmynde

## 7. Referansar

Den Norske Turistforening, Friluftsrådenes Landsforbund, Innovasjon Norge. Merkehåndboka, 2014  
[www.merkehandboka.no](http://www.merkehandboka.no)

[Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 3 1998](#)

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Utkast til Stølsheimen landskapsvernområde (Høyringsdokument), rapport nr. 4 - 1987

[Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Spor etter stølsdrift i Stølsheimen, rapport nr. 4 - 2011](#)

[Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Skjøtselsplan for Finnabotnen, rapport nr. 4 - 2003](#)

Fylkeskonservatoren i Hordaland. Stølar i Stølsheimen, Registreringsrapport nr. 5 - 1979

Miljødirektoratet. Veileder M 420-2015. Kulturminner i områder vernet etter naturmangfaldloven.

Miljødirektoratet. Naturbase kart

Miljødirektoratet. Veileder M 106-2014. Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter.

Miljødirektoratet. Veileder M 415-2015. Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder.

Riksantikvaren: kulturminne, [www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no)

Stølar og stølsdrift - Fylkesmennene og fylkeskommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland, Gald 2009

[Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sine rapportar](#)

## 8. Vedlegg:

- Verneforskrift
- Oversiktskart Stølsheimen landskapsvernområde
- Tiltaksplan for verneområdet
- Kriteria for prioritering av stølar og verdisetjing av stølar, vedlegg til rapporten *Spor etter stølsdrift i Stølsheimen*, rapport nr. 4 - 2011
- Medlemer i fagleg rådgjevande utval for Stølsheimen, pr. 2016
- Temakart :
  - Naturtypar
  - Friluftsliv
  - Villreinområde
  - Stølar og kulturminne
  - Tekniske installasjonar

**Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde**

revidert forvaltningsplan

Utgjeve av Stølsheimen verneområdestyre

Rapport nr. 1 – 2017

ISBN 978-82-303-3241-2 (Trykt)

ISBN 978-82-303-3242-9 (PDF)